3) Man ser i litteraturen ofte nominativ og akkusativ plural angitt med *a*-stammeendelsene *-ar*, *-a*, dvs. *sjóvar*, *sjóva* osv. Disse kasusformene er imidlertid ikke belagt i norrønt, men vi venter isteden helt klart *i*-stammeformer som **sjóvir*, **sjóvi* osv. i hvert fall i islandske kilder, jf. nisl. *sjóir*, *sjói*.

4) Se også *jålebukk* i Bjorvand & Lindeman (2007: 556).

- a. Norr. *sljór*, akk. *sljóvan* vsa. *slær*, akk. *slævan* ‘sløv, slapp’ kommer av germ. **slaiwa-*, jf. f.eks. geng. *slāw* og eng. *slow* ‘langsom’, se Bjorvand (2011: 9 ff.) for den videre etymologien. Av disse formene ser vi at adjektivet opprinnelig har hatt en veksel *jó* : *æ* som ved norr. *sjór*, gen. *sævar* i 4.1., dvs. at de eldste formene f.eks. var nom. m. *sljór*, akk. *slævan*. Den videre utviklingen synes så å ha vært slik at denne vekslingen først ble utjevnet til *sljór*, *sljóvan* eller *slær*, *slævan* osv., og til *sljór* ble det for f.eks. akk. m. *sljóvan* nydannet en form *sljávan* (med *já* foran *a*) og til denne i sin tur en ny nom. *sljár* osv. Nyislandsk har formen *sljór* og verbene *slævast* ‘sløves’ og *sljákká* ‘sløves, avta’. Den nynorske formen er nå *slø* av eldre *sljō* < *sljo* som Aasen (1873: 705) foretrakk. I dialektene finner vi ellers former som *slo*, *sjo*, *sljō*, *sløg*, *slå*, *sljá*, *slåg*, *sjåg* og *slæ*, og *å*-formene hører hjemme i Telemark, se NOB 10 (sp. 522). Øvrige nordiske former er gda. *slōw*, da. *sløv* (også bm.), gsv. *sljō(r)* og sv. *slö*. Vi ser at de opprinnelige vekslingene er blitt utjevnet på ulike vis.
- b. Norr. *mjór* ‘tynn, spiss, smal’ er et særnordisk adjektiv uten sikker etymologi. Det føres i regelen tilbake på urn. **maiwa-*, se Torp (1919: 427), og varianten norr. *mær* kan tas som støtte for denne oppfatningen. Dette adjektivet har også en analogisk form *mjár*, *mjávan* osv., og i norsk er *mjá* hovedform i både nynorsk og bokmål, mens dialektene også kjenner reflekser av norr. *mjór* i former som *mjo*, *mjog*, *mjov* og *mjø(g)*. Dialektformen *mjåg* finnes også i Østfold, se f.eks. Hoff (1946: § 292) og videre NOB 7 (sp. 1500 f.). Nyislandsk har formen *mjór*, mens færøysk har *mjáur*.
- c. Norr. *ljótr* ‘stygg’, nno. *ljot* ‘lite pen’ osv. reflekterer germ. **leuta-*, jf. got. *liuts* ‘hyklersk’, se Bjorvand & Lindeman (2007: 668 f.) for den videre etymologien. Adjektivet har i mange norske dialekter formen *ját(t)* som må antas å reflektere en ikke overlevert norrøn form **ljátr*. Den forekommer over et ganske stort område, f.eks. i Østfold, Vestfold, Nedre Telemark, Ås, Oslo, Sør-Odal osv., se NOB 7 (sp. 588 f.). Vi må igjen kunne gå ut fra at det til nom. m. *ljótr*, akk. *ljótan* er blitt dannet en analogisk akk. *ljátan*, og til nom. f. *ljót*, akk. f. *ljóta* en analogisk akk. *ljáta* osv., og dernest ytterlige nye former som nom. m. *ljátr* og f. **ljót* > yngre *lját* osv.

4.2.2. Norr. *hór* : *hár* ‘høy’

Det norrøne adjektivet for ‘høy’ foreligger i to former *hór* og *hár*. Disse har klare motsvarigheter i de andre germanske språkene som got. *hauhs*, geng. *hēah*, eng. *high*, ghty. *hōh*, ty. *hoch* osv., og formene reflekterer entydig en rotbetont grunnform germ. **háuha*. Det historiske forholdet mellom de to norrøne formene er omdiskutert. Det forholder seg imidlertid slik at *hór* bare forekommer i de eldste tekstene, se Larsson (1891: 154) og Holtmark (1955: sp. 243). Den synes følgelig klart å være den eldste formen, og denne oppfatningen stemmer overens med og støttes av det faktum at den lydregelen som sikrest kan etableres, er at urn. **au* ble

monoftongert til **ō* foran **h*. Eksemplene er ikke mange, men de beste er 1) norr. *fló* f. 'loppe' < urn. **flauh-*, jf. ty. *Floh*; 2) norr. *ló* f./n. 'engslette (ved vann)' som bare forekommer i stedsnavn, f.eks. *Lóar* f. pl. og komposita som *Ósló* f./n. < urn. **lauhō-* f. og **lauha-* n., jf. geng. *lēah* m. 'eng', eng. *lea*; 3) norr. *þó* 'likevel, enda' < urn. **þauh*, jf. got. *þauh*, geng. *þēah*, ghty. *doh*, gnty. *thoh* (med forkortet vokal); 4) norr. pret. 3. sg. *fló* 'flyktet, fløy, for' < urn. **flauh* til norr. *flyja* 'flykte' og *fljúga* 'flyve, fare', jf. geng. *flēah*. Carl Marstrander mente på sin side at urn. **au* ble til norr. *á* foran **h*, men hans forsøk (1926: 25) på å forklare verbalformen *fló* som analogisk for lydrett **flá* fremstår som unødvendig komplisert og lite sannsynlig, og det lar seg overhodet heller ikke begrunne nærmere. Det synes følgelig ikke å være noen grunn til å tvile på at urn. nom. m. **hauhar* via eldre **hōhar* lydrett ble til norr. *hór* ved bl.a. *h*-bortfall og *a*-synkope, mens *hár*, akk. m. *hávan* osv., som altså også overleveringen viser, er yngre analogiske former.

Det synes i første omgang å ha funnet sted en utvikling som innebærer at den eldste formen *hór* i en rekke oblike kasus har fått intern *v* fra andre adjektiv som f.eks. norr. *sljór*, *sljóvan* vsa. *slær*, *slævan* 'sløv, slapp' i 4.2.1. ovenfor, jf. f.eks. Wessén (1958: § 111:3). Vi kan følgelig anta at f.eks. de lydrette formene akk. m. **hóan* og akk. f. **hóa* ble omdannet til *hóvan* og *hóva*. Det forholder seg videre slik at vekselen *ó* : *á* også har spredd seg til *hór* på det viset at f.eks. akkusativene *hóvan* og *hóva* ble omdannet til *hávan* og *háva*. Dernest ble f.eks. nominativene *hór* m. og *hó f*. erstattet av *hár* og **hǫ* > yngre *há*, jf. *sljár* og **ljátr* ovenfor.

Lennart Elmevik (2000: 165) er influert av Marstrandens oppfatning ovenfor at verbalformen *fló* er analogisk for **flá*, og han tenker seg at urn. **auh* ble til **āh* > norr. *á* i alle former av dette adjektivet som ikke hadde en *u* i endelsen. Det innebærer at nom. m. **hauhar* lydrett ble til norr. *hár*. Derimot skal *hór* være en yngre analogisk form (etter andre kasus som mask. dat. *hóm* < urn. **hauhum*).⁵ Beleggforskningene taler imidlertid mot en slik forklaring, siden nom. m. *hór* som nevnt ovenfor bare forekommer i de eldste tekstene. Denne formen bør prinsipielt betraktes som den eldste. Det forholder seg jo også slik at *ó*-formene meget snart forsvinner, jf. nisl. *hár*, fær. *háur* og no. dial. *håg*. Vi kan således gå ut fra at de var gått av bruk de fleste steder allerede på 1200-tallet, og det er ikke urimelig å anta at *ó*-formene ble oppgitt på grunn av formligheten med ord som norr. *hór* n. 'utukt, ekteskapsbrudd'.⁶

5) Den urnordiske formen skal trolig rekonstrueres slik, og det innebærer at de maskuline dativformene som *hóm* har en analogisk tilføyd *m* etter pronomenet *þeim*.

6) Det følger av dette at de norrøne *á*-formene som *hár* osv. ikke er så gamle at vi er berettiget til å søke spor av dem i urnordiske former. Dette gjelder former som *hākunþō* 'den høye og kjente' (Noleby, ca. 575), se Grønvik (1987: 100, 112) og *hāborumr* '(ni) høye sønner' (Stentoft), se Grønvik (1996: 154 f.). Urn. *hā-* kan teoretisk reflektere eldre **hawa-* (f.eks. til norr. *heyja*, pret. *háði* 'sette i gang, holde' eller til norr. *hád* n. 'hån' < urn. **hawīþa*) og **haha-* el. **hāha*.

4.3. Pronomen

Vekslingen *ó* : (*v*)*á* har etter all sannsynlighet også vært bestemmende for utviklingen av eiendomspronomenet for 1. person plural, no. *vár*. Det dreier seg utvilsomt om et nedarvet possessivpronomen, og de andre nordiske formene er norr. *várr* m. og *ór/vór* f., gda. *wār/wōr*, gsv. *vār/vōr*, nisl. *vor*, fær. *vár*, da. *vor* og sv. *vår*. Formene avviker til dels sterkt fra de øvrige germanske formene, og de tilsvarende maskuline formene er: got. *unsar*, gnty. *ūsa*, gnfr. *unsa*, gfri. *ūse/unse*, fri. *ús*, mnty. *ūse/unse*, mnl. *onse*, nl. *ons/onze*, geng. *ūser/ūre*, eng. *our*, ghty. *unserēr/unser*, mhty. *unser* og ty. *unser*.

Blant annet på grunnlag av got. *unsar* m., *unsara* f. osv. skal vi for dette pronomenet rekonstruere en rotbetont grunnform germ. **únsara-*. Noen annen mulighet synes ikke å forligge. Norr. *várr/ór* lar seg etter all sannsynlighet også føre tilbake til denne grunnformen, til tross for bl.a. Torp (1919: 851) som var av den oppfatningen at dette knapt var mulig.

I norrønt er formene med rotstørrelsen *ór-* tydelig de eldste, se Noreen (1923: 313), og de motsvares av ggotl. *ōr* og *or* i dagens älvdalska. De ser ut til å reflektere germ. **únsara-* på følgende vis: Etter *a*-synkopen (ca. 500) i f.eks. urn. nom. f. **unsaru* > **unsru*, kan denne formen ha blitt videre forenklet til **unru* ved at den uvanlige sekvensen **nsr* ble redusert til **nr*. I denne formen ble **unr* regelmessig til norr. *ór* på samme vis som urn. **punrar* ble til *Þórr* m. 'guden Tor'. En tilsvarende redusert form er geng. *ūre* som kan antas å komme av eldre **ūsre* (< **unsre*) ved at **sr* på lignende vis ble forenklet til *r*. En uregelmessig forkortning er også skjedd ved gnty. *ūsa*.

Den videre utviklingen som førte til nylaging av norrøne former som *várr* m. og *vór* f. > yngre *vár* osv. beror som nevnt på velkjente analogiske prosesser, som vi igjen kort kan gjøre rede for på følgende måte: Med utgangspunkt i vekslingen *ó* : *vá* i f.eks. adjektivet norr. nom. m. *váendr* : nom. f. **ónd*, akk. f. *vánda* osv., dvs. med *á*-vokal foran *a* i endelsen, har man f.eks. i første omgang omdannet *ór* f., akk. *óra* til *ór*, *vára*, jf. også substantivet *ón*, gen. *vánnar* i 3.d. Dernest har man nydannet en form med *ó* som nom. f. *vór* (> yngre *vár*) på samme vis som det til akk. f. *vánda* var blitt dannet nom. f. **vónd* (> yngre *vánd*), se LexPoet. (630). Hertil kom så *várr* m. og *várt* n. osv., se Heusler (1932: 76).

Det personlige pronomenet norr. *vér* har sikkert spilt en rolle ved den analogiske innføringen av initial *v* i de nye formene med ávokal. Kasusformer som dat. n. *óru*, dat. m. *órum* med *u*-vokal i endelsen er i første omgang erstattet av *vóru*, *vórum* > yngre *váru*, *várum*, se Noreen (ibid.). Det er samme utvikling som ved omdannelsen av pret. 3. pl. *óru* til *vóru* > yngre *váru* 'de var' til inf. *vesa*, *vera* etter mønster av f.eks. *gefa* : *gófu* > *gáfu* 'de gav'.

5. TOLKNING AV NAVN MED NORR. *RÓÐA* F. ‘STANG, STOKK’

5.1. /"ru:e/ : /"rø:e/

Som nevnt ovenfor i 1.1. gjorde Rygh i NG 1 utover det å fastslå at det ved navnet /"ru:e/ må dreie seg om norr. *róða* f. intet forsøk på å gi en forklaring på det. Jeg har imidlertid selv (2013: 65) behandlet navnet og fremførte da den oppfatningen at gården har navn etter det betydelige høydedraget den ligger på, nemlig den delen av raet som her sønnenfor Varnsjø går i nordvest-sørøstlig retning. Det dreier seg om et dominerende trekk i landskapet, som bl.a. er slik formet at terrenget fra bunnen av det gamle sundet (mellom gårdene Strømshaug og Strømnes) som en gang gjorde Onsøy til en virkelig øy (og som nå ligger et par meter over havet) østover stiger forholdsvis bratt til et platå på ca. 60 moh. der Roe-gårdene ligger.

Det er velkjent at man kunne anvende ord for ‘stokk, stav, bjelke osv.’ til å betegne fjell og andre forhøyninger i landskapet, slik som altså etter all sannsynlighet norr. *róða* i dette tilfellet. Et ord som er svært vanlig i overført bruk om langstrakte høydedrag både i navn og som appellativ, er norr. *áss* m. ‘bjelke, stokk’, no. *ås* ‘horisontal takbjelke’ osv., se Bjorvand & Lindeman (2007: 1384).

5.2. Andre gårdsnavn med norr. *róða*

Det dreier seg om to helt sikre navn. Det ene er gårdsnummer 159 *Roen*, dvs. /"ru:en/, i Jevnaker herred (Oppland), f.eks. i *Rodone* i RB (308), se NG 4:2 (123), og det andre er gårdsnummer 15 *Rodal(en)* i Halså herred (Møre og Romsdal), f.eks. i *Roðudal* DN 4 (s. 175, 1332), se NG 13 (432).

I NG antas begge gårdsnavnene å ha bakgrunn i et opprinnelig elvenavn: NG 13 «Róðudalr, af Elvenavnet Róða.» og NG 4:2 «I Navnet Rodalen og vel ogsaa her synes Ordet at være et Elvenavn; Gaarden ligger ved Udløbet af en Elv, som paa Kartet kaldes Roenelven.» Det er godt kjent at ord for ‘stang, stokk’ slik som *róða* kunne anvendes om elver og bekker med et svært rett løp, se videre NE (195), og i navnet *Rodal(en)* gjør etterleddet *-dal(en)* det nærliggende å anta at forleddet er et elvenavn, jf. navn som *Etnedal*, *Gausdal* osv.

På de eldre kartene som utgiverne av NG hadde til rådighet, kunne det nok være vanskelig å bestemme elveløpenes eksakte karakter. Av moderne kart og flyfoto går det imidlertid tydelig fram at ingen av disse elvene, som munner ut i henholdsvis Vinjefjorden og Randsfjorden og i dag kalles Rodalselva og Sløvikelva, kan sies å ha et så rett leie (ved utløpet) at de skulle kunne betegnes med ord for ‘stokk, stav’ slik som f.eks. norr. *róða*. Derimot synes *róða* i begge tilfellene å kunne referere til et høydedrag like ved gårdene. Dette er særlig tydelig ved *Roen* i Jevnaker, der det fra åsen østenfor og ovenfor gården(e) går en langstrakt (jord)rygg forbi dem nedover mot Randsfjorden. Den når på det høyeste opp i 225 moh. Også ved *Rodal(en)* i Halså er det godt mulig å søke navnemotivet i det (udyrkede) høyde-

draget som like ved gården når en høyde på 77 moh. og herfra stiger bratt videre innover land. Det kan tillegges at et elve- eller bekkenavn er helt utelukket som grunnlag for navnet *Råde*.

Litteratur

- Bjorvand, Harald & Lindeman, Fredrik Otto 2007: Våre arveord. Etymologisk ordbok. Oslo.
- Bjorvand, Harald 2011: Fire etymologiske nøtter. I: MM 2011:2. S. 7–25.
- 2013: Etymologien til fem arveord og et gammelt navn. I: Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013. Oslo. S. 52–68.
- Blöndal Magnússon, Ásgeir 1989: Íslensk orðsifjabók. Reykjavík.
- BØ manus = Kåre Hoels manus til Bustadnavn i Østfold, i Stedsnavnarkivet, Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo.
- Elmevik, Lennart 2000: Till diskussionen om den urgerm. *au*-difftongens utveckling på nordiskt område, särskilt i förbindelsen *auh*. I: Studier i svensk språkhistoria 5. Förhandlingar vid femte sammankomsten för svenska språkets historia, Umeå 20–22 november 1997. Utg. av Lars-Erik Edlund. Umeå. (Nordsvenska 11.). S. 163–174.
- Fr. = Fritzner, Johan 1883–96: Ordbog over Det gamle norske Sprog I–III. Omarbejdet, forøget og forbedret Udgave. Kristiania.
- Fr. Till. = Ordbog over Det gamle norske Sprog af Dr. Johan Fritzner. Rettelser og tilleg ved Finn Hødnebo. Fjerde bind A – Q. Oslo. 1972.
- Grønvik, Ottar 1987: Fra Ågedal til Setre. Oslo.
- 1996: Fra Vimose til Ødemotland. Oslo.
- Grøtvedt, Per Nyquist 1970: Språket i drapsbrevnes vitneprov fra norsk senmiddelalder. I: ANF 85. S. 1–87.
- Harsson, Margit 2010: Leksikon over norske *rud*-navn frå mellomalderen. Oslo.
- Hellquist, Elof 1948: Svensk etymologisk ordbok. 3. uppl. Lund.
- Heusler, Andreas 1932: Altisländisches Elementarbuch. 3. Aufl. Heidelberg.
- Hoff, Ingeborg 1946: Skjetvemålet. (Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse. 1946. No. I.) Oslo.
- Holtmark, Anne 1955: Ordförrådet i de eldste norske håndskrifter til ca. 1250. Oslo.
- Larsson, Ludvig 1891: Ordförrådet i de äldsta isländska handskrifterna. Lund.
- Marstrander, Carl 1926: Klodvignavnet og den germanske dissimilationslov. (Avh. utg. av Det Norske Vid.-Akad. i Oslo 1925. 2. Hist.-Fil. Kl. 1.) Oslo.
- Myrvoll, Klaus Johan 2011: Skaldedikt som kjelda til etymologi og lødleg vokster av norske namn. I: NORNA-rapporter 87. Redigert av Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt. Oslo. S. 105–118.
- NOB = Norsk Ordbok 2014. 1–. 1966–. Oslo.
- Noreen, Adolf 1923: Altnordische Grammatik. 4., vollständige umgearb. Aufl. Tübingen.
- Torp, Alf 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.
- Wessén, Elias 1958: Isländsk grammatik. 2. uppl. Stockholm.
- Aasen, Ivar 1873: Norsk Ordbog. Christiania.

Subkategorisering av klassen proprium

Av Åse Wetås

This article discusses categorisation and sub categorisation of proper nouns in Norwegian. The article takes as its starting point classical Aristotelian categorisation principles with discrete categorisation based on evaluations of essence and accident, and shows how these in the 20. Century were challenged by Wittgensteinian categorisation principles based on family resemblance and prototype effects. The article argues that these latter 'fuzzy' categorisation principles, which have a prominent place in Cognitive Linguistics, make the linguist able to categorise linguistic data in very interesting ways.

Section 3 includes a discussion of the semantic and grammatical arguments for viewing proper names as nouns. It also takes a closer look at the traditional basic level categorisation of proper names in Norwegian (and Scandinavian) onomastics into 'place names', 'personal names' and 'other names'. It is claimed that the edges of all three categories are fuzzy and that the traditional view on how these names come into use has to be modified. It also observes that the category 'other names' to a large extent re-uses names from the two other basic level categories.

Section 4 discusses the two main sub categorisation methods observed in Norwegian and Scandinavian onomastics from the 20. Century onwards. The (traditionally) most widespread of these is based on referent categories in the world (rivers, mountains, villages etc.), whereas the other establishes categories on a linguistic basis (singular names, compound names, derivatives etc.).

The article concludes that prototype theory is a very useful tool in the linguistic analysis of proper names, that traditional principles of onomastic sub categorisation meet serious problems when the referent based categories lack correspondence with conceptual categories in the world. It also states that sub categorisation of proper names must be designed to fit the overall goal of the survey (linguistic, socio cultural, historical etc.).

1 INNLEIING

Denne artikkelen har utgangspunkt i prøveforelesinga mi til dr. art.-graden og er ei gransking av subkategorisering av proprium i norsk. Med dette utgangspunktet er utgreiinga såleis svar på ei formulert oppgåve. Intensjonen med artikkelen er å gje eit oversyn over kategorisering som tilnærming til komplekse fenomen og korleis denne i prinsipp og praksis kjem til uttrykk i språkvitskapen generelt og onomastikken spesielt. Det er norsk og skandinavisk namneskikk og onomastisk praksis som blir gjort nærare greie for i hovuddelen av artikkelen, og det er denne som òg ligg til grunn for dei oppsummerande og konkluderande merknadene.

Filosofisk interesse for kategoriar kan sporast attende til Aristoteles, og opp gjennom historia har mange filosofar arbeidd mykje med emnet (jf t.d. Thomason 2013). Språkleg kategorisering og diskusjon om tilhøvet mellom konseptuelle og lingvistiske kategoriar er òg sentrale i moderne lingvistisk teori. Labov (1973: 342) hevdar at: «It is sometimes said that man is a categorizing animal; it is equally appropriate to say that language is a categorizing activity». Dette kan synast som ein triviell observasjon, og Enger (1998) hevdar at mange lingvistar ser på språkleg taksonomiarbeid som neanderthallingvistikk. Eg vil i framhaldet sjå nærare på kva som gjer kategorisering og subkategorisering av proprium interessant for onomastikken som fagfelt.

Språkleg og konseptuell subkategorisering av klassen proprium er eit emne det er mogleg å nærma seg på fleire vis. Ëi mogleg tilnærming ville vera å kartleggja og samanlikna måten subkategoriseringa implisitt eller eksplisitt er gjort i empiriske arbeid innanfor onomastikken som forskingsdisiplin. Ei anna tilnærming ville vera å sjå på vurdering av propriumsstatus og kva konsekvensar det gjev for kategoriseringa av namn i normative og deskriptive grammatikkar. Som svar på ei bestilling om å greia ut om kategorisering av namn vil det etter mitt syn vera mest interessant å ta utgangspunkt i dei teoretiske og prinsipielle sidene ved språkleg kategorisering, både ålment og for proprium, og så sjå praksisen i lingvistikken generelt og onomastikken spesielt i lys av det. Eg vil ut frå dette seinare i artikkelen visa at det å studera praksis kan gje verdfull informasjon om korleis den språklege kategorien *namn* blir oppfatta i språkvitskapen, både når det gjeld plassering i det grammatiske systemet og når det gjeld vurderinga av semantisk struktur. Desse to faktorane heng nært saman, og det vil eg også komma nærare attende til i det vidare.

I artikkelen vil eg først drøfta kategorisering både som prinsipp og ut frå kva føremål kategoriseringa kan seiast å tena. Etter dette kjem eg nærare inn på kategoriseringa av klassen proprium i norsk, og ser på korleis propria i den norske og nordiske onomastikken blir subkategoriserte. Dette siste gjer eg særleg med tanke på å kartleggja om det ligg til grunn nokon eins praksis, og kva teoretisk(e) grunnsyn praksisen eventuelt reflekterer. I forlenginga av dette vil eg argumentera for eit

syn på den interne organiseringa av klassen proprium som tek utgangspunkt både i subkategoriane av namn som kan identifiserast der, og i plasseringa desse har i høve til kvarandre. Til sist kjem nokre konkluderande merknader.

2 KATEGORISERING – FRÅ KLASSISK-ARISTOTELISKE KATEGORIER TIL PROTOTYPEORGANISERING

Det vil vera ei altfor ambisiøs oppgåve å gje eit fullstendig oversyn over eit så komplekst og mykje granska emne som kategoriar i verda og i språket, og det er heller ikkje føremålet med denne artikkelen. I dei følgjande avsnitta er det presentert nokre sentrale nedslagspunkt på den funksjonelt-grammatiske teigen, med utgangspunkt i George Lakoffs viktige arbeid på dette feltet, og med blick på Wittgenstein, som i den seinare forskinga si kom med nye og svært interessante tankar om kategorisering.

Lingvisten George Lakoff hevdar at få ting er meir basale for menneska enn nettopp kategorisering (sjå Lakoff 1987). Kvar gong me identifiserer ein *type* av eit eller anna, t.d. eit tre eller ein kopp, representerer dette ein kategoriseringsaktivitet. Kategoriseringa gjev oss ein reiskap til å redusera kompleksiteten i omgjevnadene våre og er naudsynt for at menneska skal kunna ta stilling til store mengder med informasjon. Kategorisering er ein universell menneskeleg aktivitet, og nærast sjølvsgagt er det då også ein heilt naudsynt reiskap i vitenskapleg verksemd. Kategoriseringa av alle typar objekt i ei verkeleg eller tenkt verd er så grunnleggjande at denne aktiviteten ofte blir teken for gitt, slik Labov (1973) viser til at har vore tilfellet i lingvistikken. Labov hevdar at kategoriseringa, gjennom å vera ein så fundamental og sjølvsgagd del av den lingvistiske praksisen, har ført med seg at også eigenskapane til dei lingvistiske kategoriane er tekne for gitt, og oftast ikkje gjorde til objekt for nærare gransking og problematisering.

Opp gjennom hundreåra har den klassiske aristoteliske kategoriseringa, som legg naudsynte og tilstrekkjelege eigenskapar til grunn for inklusjon eller eksklusjon i ein gitt kategori, vore einerådande. Klassisk aristotelisk kategorisering deler objekteigenskapar inn i essens og aksidens, der essens omfattar dei eigenskapane som definerer og indikerer objektindividualiteten, medan aksidens gjeld dei eigenskapane som er meir tilfeldige. Eit fråvær av ein eller fleire eigenskapar som høyrer med til essensen vil innebera at objektet ikkje lenger er medlem i den aktuelle kategorien. Dei kategoriserande eigenskapane, eller essensen, er altså eit spørsmål om alt eller ingenting. Kategorigrensene tener til å trekkja ei skarp line mellom dei einingane i universet som høyrer med til kategorien og dei som ikkje gjer det. Dette synet på måten kategoriar er definerte på, inneber med naudsyn at aristoteliske kategoriar ikkje kan ha nokon intern struktur, t.d. i form av at visse av kategorimedlemmane berre i ein viss grad er omfatta av essensen. Alle medlemmane må oppfattast som likeverdige innanfor den klassiske kategorien.

Ifølgje Lakoff (1987) er den klassiske definisjonen på kategorien ikkje eit resultat av empiriske studiar. Han representerer snarare ein filosofisk posisjon. Gjennom hundreåra har denne måten å dela verda inn i objektkategoriar på blitt teken for gitt i den vitskapelege granskinga, og han har ikkje eigentleg vore gjenstand for debatt før dei i seinare arbeida til den austerriske filosofen Ludwig Wittgenstein. Men frå og med han har det klassiske synet på kategoriane blitt kraftig utfordra, både frå filosofisk, kognitivt-psykologisk og funksjonelt-lingvistisk hald.

Wittgenstein (1997) gjer empiriske observasjonar av at kategoriane slett ikkje ser ut til å omfatta objekt med heilt identisk status som kategorimedlemmar, og han observerer dessutan at det for svært mange kategoriar ikkje let seg gjera å definera ei skarp grense mot omgjevnadene. Eit sentralt og viktig eksempel Wittgenstein fører for at den aristoteliske kategoriseringa er utilfredsstillande i møtet med empirien, gjeld aktivitetar som er kategoriserte under tysk *Spiel* (som på norsk må omsetjast både med 'leik' og 'spel'). Etter grundig gransking av aktivitetar som fell innanfor denne kategorien, finn Wittgenstein ingen eigenskapar som er sams for dei alle. Snarare opptre dei ulike formene for *Spiel* som strukturerte gjennom familielikskapsrelasjonar, der somme førekomstar er meir prototypiske eller framståande eksempel på kategorien enn andre. Sjølv om Wittgensteins posisjon er at yttergrensene for kategoriane er uklære, er han likevel klår på at det for spesifikke granskingsføremål sjølvsgatt kan gjerast kunstige avgrensingar. Han skriv: «som sagt kan vi – til et bestemt formål – trekke en grense. Er det bare slik vi gjør begrepet brukbart?», og han svarer sjølv: «Langt ifra! Hvis det da ikke var til dette bestemte formålet» (Wittgenstein 1997, § 69).¹

Wittgensteins filosofiske tilnærming til prototypekategoriseringa har seinare funne massiv empirisk støtte, særleg gjennom dei eksperimentelle psykologiske studiane til Eleanor Rosch (jf t.d. Rosch & Mervis 1975), og også gjennom empiriske språkvikskapelege arbeid av granskarar som William Labov. Seinare har prototypetenkinga fått massiv betydning innanfor den kognitive lingvistikken, og ikkje minst i arbeida til Lakoff (1987) og Langacker (1987, 1991) blir kategorisering og prototypeorganisering vigde mykje merksemd.

Ei organisering i prototypekategoriar har som føresetnad at somme kategorimedlemmar er meir kategoridefinerande enn andre. Sentrale kategorimedlemmar fungerer som referansepunkt for mindre typiske instansieringar, men sjølve prototypen kan best oppfattast som ein abstraksjon, og ikkje som eitt faktisk og konkret kategorimedlem. Eksperimentelle studiar stadfester idéen om at visse kategorimedlemmar framstår som meir prominente enn andre. Tendensen ser ut til å vera

1) I Wetås (2008: 54 ff) argumenterer eg med tilvising til m.a. Dyvik (1986) for at den empiriske språkgranskinga kan setja denne typen (kunstige) grenser. For at ein i den empiriske granskinga skal kunna oppnå falsifiserbare resultat, er det naudsynt å modellera kategorisett med abrupte avgrensingar.

så gjennomgåande at det til og med innanfor klårt avgrensa kategoriar oppstår prototype-effektar. Dette gjeld t.d. for kategorien *oddetal*, som er ein kategori der grensene kan definerast heilt eintydig, og der alle kategorimedlemmane må ha den same essensielle og kategoridefinerande eigenskapen. Likevel viser det seg altså eksperimentelt at somme medlemmar i kategorien blir oppfatta som meir typiske og sentrale enn andre. Tala 3, 5 og 7 blir av brukarane oppfatta som mykje meir prominente oddetal enn t.d. 953. Her kunne ein argumentera med at dette har å gjera med ulikskapar i bruksfrekvens, men studiane psykologen Eleanor Rosch gjer av kategoriar, viser at bruksfrekvens ikkje alltid ser ut til å vera einaste motivasjonen bak vurderinga av prototypikalitet.

Kategoriane inngår i taksonomiske hierarki, og Taylor (2003) presiserer at den hierarkiske strukturen med utdjujing av overkategorien i form av at fleire kategoriavgrensande eigenskapar blir lagde til, i seg sjølv ikkje representerer noko motargument mot klassisk kategorisering. Eit avgjerande brot med den klassiske tradisjonen er likevel den prioriteten nyare prototypestudiar gjev til det som kan kallast *basalnivået* i hierarkiske taksonomiar.

Basalnivået er det kategorinivået i taksonomiane som kognitivt har større saliens enn dei andre nivåa, og denne større saliensen blir også reflektert språkleg. Basalnivået er det nivået språkbrukarane vanlegvis konseptualiserer og namngjev ting på tidlegast i språkinnlæringa, og det er dette nivået som sidan utgjjer referansepunktet for dei nemnde taksonomiske hierarkia. Basalnivået er vidare det nivået der kategoriane er maksimalt distinkte – dei maksimerer altså likskap mellom kategorimedlemmane internt og minimerer samstundes likskapar på tvers av kontrasterande kategoriar. Kategoriar på basalnivå inneheld på denne måten fleire nye definerande eigenskapar enn både dei overordna og underordna kategoriane i taksonomiane. Eit enkelt eksempel, henta frå Lakoff (1987), omfattar kategoriane *møbel*, *stol* og *kjøkkenstol*. Her representerer *møbel* den overordna kategorien, *stol* representerer basalnivået og *kjøkkenstol* representerer subkategorien. Om tilhøvet mellom *kjøkkenstol* og *stol* kan me slå fast at subkategorien deler svært mange likskapsdrag med den overordna kategorien. På andre sida er det færre konkrete likskapsdrag mellom nivåa *møbel* og *stol*. Om ein ønskjer å halda kategoriane maksimalt distinkte og maksimalt informative må fokus vera på basalnivået, og meir spesifikt på dei mest sentrale kategorimedlemmane der.

Når det gjeld kriteria for kategorisering, har me alt slått fast at den klassiske tilnærminga opererer med eit skilje mellom essens og aksidens – altså ekte og kategoriobligatoriske eigenskapar på eine sida, mot dei meir tilfeldige på den andre. Wittgenstein (1997) hevdar at kategoriseringa gjeld å sjå det sams, og viser til ulike måtar det sams kan komma til uttrykk på. Brown (1990) skildrar oppkomsten av kategoriar som ei forhandling i det sosiale rommet, og meiner kategoriane må få ein sosial sanksjon for å kunna fungera. Brown (op. cit.) hevdar vidare at menneska lagar kategoriar

ved å knyta same ord eller same merkelapp til ulike objekt. Når språkbrukarane er samde om kva einingar ein gitt term knyter seg til, er den aktuelle kategorien ein komponent i språket. I det vidare skal me sjå nærare på korleis dei nemnde kategoriseringsprinsippa kan overførast på den språklege kategorien *proprium*, og korleis denne klassen kan subkategoriserast. For å kunna gjera dette, er det naudsynt å først etablere klassen *proprium* som referansepunkt og overordna kategori.

3 PROPRIUMSKATEGORIEN I DET NORSKE SPRÅKET

3.1 *Propria* i grammatikkane og i den lingvistiske litteraturen

Ei subkategorisering av klassen *proprium* føreset at det ligg til grunn ein definisjon av kva objekt som høyrer med til den overordna klassen (*proprium*) og korleis denne klassen plasserer seg i språket. At *propria* faktisk kan definierast til å utgjera ein eigen klasse, slik tittelen på dette arbeidet føreset, burde vera relativt ukontroversielt. Norske grammatikkar ser i liten grad ut til å tematisera *propria* som eigen klasse eller kategori gjennom å gjera meir inngåande greie for kva semantiske, morfologiske, fonologiske og pragmatiske drag som ligg til grunn for ein slik status, men *propria* blir gjennomgåande kategoriserte som substantiv (jf t.d. Beito 1970, *Norsk Referansegrammatikk* 1997, Enger & Kristoffersen 2000). Enger & Kristoffersen (s. 60) understrekar likevel at «i regelen behandles [...] egennavna heller i navnegranskinga enn i grammatikken. Navn oppfattes altså gjerne som delvis atskilt fra språket for øvrig». Det at studiet av namn faktisk utgjør ein eigen vitenskapleg forskingsdisiplin, kunne tenkjast å berre vera eit resultat av institusjonshistoriske tilfældigheter. Det er likevel interessant å notera seg at dette faktumet støttar opp om ei grunnleggjande oppfatning om at *propria* utgjør ein eigen klasse i språket, og at dei særlege eigenskapane til medlemmane i denne klassen aktualiserer metodar og forskingsspørsmål som på visse punkt skil seg frå dei typane metodar og forskingsspørsmål som er nytta i andre delar av lingvistikken.

Norsk referansegrammatikk (NRG, s. 22) slår fast at *propria* har så mange sams drag med dei andre substantiva, både semantisk og syntaktisk, at dei trass i visse morfologiske avvik blir rekna til substantivklassen. NRG (s. 27) markerer likevel grafisk i ordklasseoversynet at *propria* utgjør ein eigen subkategori innanfor substantivklassen, og knyter denne subkategoriseringa til det morfologiske kjenneteiknet «ubøygd». Sagt på ein annan måte er *propria* inherent bestemte, og ei morfologisk merking for bestemtheit vil difor vera redundant. Også når det gjeld konversjonar frå andre ordklassar, viser NRG (s. 123) at *propria* til ein viss grad skil seg frå andre delar av substantivkategorien. Konversjon frå andre ordklassar til *proprium* kan skje utan morfologisk tilpassing av noko slag. Dette faktumet knyter seg til den semantiske demotiveringa som skjer i og med namnstatusen og til at ein i utgangspunktet avvikande struktur ikkje vil vera relevant for propriet i bruksituasjonen. Difor er det altså heilt gangbart med namn som *Høgre*, *Venstre* og

Fram. Til og med opphavlege syntagme som *Bevare meg vel* kan ha namnestatus (det siste brukt om ei antikvitetsforretning, jf. NRG, *ibid.*).

I Wetås (2008) blir det gjort ei drøfting av skilnader og likskapar mellom proprium og andre substantiv på det semantiske området. Dersom propria under eitt skal gjevast ein definisjon, må det nettopp vera at dei ikkje viser semantiske likskapsdrag med andre, appellativiske substantiv. Snarare utgjer dei leksikaliserte, monoreferensielle språklege uttrykk (jf t.d. Pamp 1991), og namnestatusen i seg sjølv gjer medlemmane i klassen semantisk demotiverte. I kraft å ha berre éin referent kan dei altså seiast å ikkje ha klassifiserande tydingsinnhald, slik appellativa har det. Eit berande prinsipp i kategorisering er at kategoriane er underspesifiserte på ein slik måte at dei kan omfatta fleire enn eitt objekt. Men med propria er det kategoridannande draget at alle medlemmane er monoreferensielle. Det gjev ei ein tydig objektspesifisering, men treng ikkje bryta med kravet til underspesifisering.

Det er ikkje noko problem for ein slik definisjon av proprium at det i og med lagning av stadnamn og personkarakteriserande tilnamn ofte blir nytta materiale frå den appellativiske delen av substantivforrådet. Proprialiseringa fører med seg ei semantisk bleiking av dette opphavleg klassifiserande tydingsinnhaldet (jf. NRG ovanfor). Denne bleikinga opnar for at det kan skje denotasjonsskifte. For stadnamna sin del inneber dette ikkje med naudsyn at dei skiftar subkategori, men for tilnamna sin del vil denotasjonsendring innebera at det aktuelle namnet mest sannsynleg fell ut av tilnamn kategorien og går over til å få status som arveleg slektsnamn eller førenamn.

3.2 Alternativ kategorisering av klassen namn

Visse forsøk har vore gjort på å gje propria ei alternativ ordklasseinnplassering. Andersen (2001) lanserer pro-ord-klassen som ei mogleg anna ordklassetilhørsle for propria. Dette gjer han som ledd i eit forsøk på å forklåra tidleg kasusbortfall på personnamn i overgangen frå latin til gammalfransk. Den alternative innplasseringa verkar dårleg motivert, og ut frå norske forhold er det lite som talar for at det ville vera tenleg og oppklårande å klassifisera propria som pro-ord. Både når det gjeld referanseforhold, leksikalsk struktur og morfologi skil namna seg som gruppe radikalt frå medlemmane i pro-ordklassen, og uavhengig av om ein ser på ordklassane som strengt avgrensa eller som prototypeorganiserte, vil propria vanskeleg kunna klassifiserast saman med pro-orda. Framstillinga til Andersen (2001) nemner berre personnamn, men propriumsklassen omfattar namn også på andre typar namneobjekt. Det ville vera kunstig å skilja personnamna ut som pro-ord, medan andre namn skulle ha ei anna ordklassetilhørsle. Andersens synsmåte på ordklasseinnplassering av namn er marginal, men det er likevel ein viktig grunn til å nemna han her: Han illustrerer nemleg ein litt påfallande tendens i den lingvistiske litteraturen til at berre subkategorien 'personnamn av førenamntypen' blir

lagd til grunn i drøftinga av namnstatus. Andre eksempel på at proprium blir behandla som personnamn av førenamntypen finn ein t.d. i Kay & Zimmer (1990) og Anderson (2004). Personnamn av førenamntypen er dei av propria som skil seg tydelegast frå appellativa både når det gjeld mobiliserbar intern struktur og ordtilfang. Dette gjer sjølvstøtt avgrensinga av namneklassen og teoretisering kring denne meir presis enn ei tilnærming med eit meir brokete og samansett namneutval som òg omfattar vanskelege toponymiske grensetilfelle. Hovudgrunnen til at personnamn av førenamntypen er favoriserte i slike samanhengar, er truleg nettopp at denne subkategorien av propria framstår som den mest kategorisentrale eller prototypiske i propriumsklassen.

3.3 Propria er ein subkategori av substantiva

Ut frå denne vesle ekskursen om ordklassetilhørsle meiner eg at det trass i ulikskapane mellom proprium og appellativ i grammatikk og semantikk er rimeleg å handsama propria som ein underkategori av ordklassen substantiv av to grunnar. Den eine er det delvis overlappende ordtilfanget. Den andre er at det syntaktisk er heilt klårt at propria har mykje til felles med andre appellativ. Til saman utgjer desse to sentrale argument for å velja denne ordklassetilhørsle.² Om propriumsklassen best kan betraktast som eintydig avgrensa eller som prototypeorganisert kategori med uklære yttergrenser, er eit spørsmål som har samanheng med teoretiske grunnpremissar. På spørsmålet om absolutt eller gradert kategorimedlemskap skil ulike lingvistiske teoriar lag. I Wetås (2008) argumenterer eg for at ei prototypebasert tilnærming til namne kategorien er mest veileigna i møtet med empirien. Eg vil i framhaldet vurderer ei vidare subkategorisering av proprium med utgangspunkt i at kategoriane er prototypeorganiserte og at dei både internt og seg i mellom på subkategorinivå viser familielikskapsrelasjonar. Tversky (1990) hevdar at det implisitte kontrasterande settet for kategoriane vil vera settet av søster-kategoriar under same overordna kategorien, og det kan vera eit rimeleg og handgripeleg utgangspunkt i tilnærminga til dei propriele subkategoriane – at dei omfattar grupper av proprium som kontrasterer kvarandre i kategoriseringssamanheng.

3.4. Basalnivå og ekspertnivå

Lakoff (1987) hevdar at det innanfor språkbrukarsamfunnet vil vera subpopulasjonar av spesialistar som innanfor ekspertdomenet sitt primærkategoriserer objekt på eit nivå som kan vera lågare i det taksonomiske hierarkiet enn det som er det allment oppfatta basalnivået. Dette er seinare testa eksperimentelt m.a. i Tanaka & Taylor (1991), og resultatata deira demonstrerer at individuelle skilnader i domene-

2) Somme av desse felles syntaktiske eigenskapane (subjekts- og objektsfunksjon, utfylling til preposisjon osv.) deler dei også med dei personege pronomena.

spesifikk kunnskap er avgjerande for kor viktig basalnivået er i kategoriseringa spesialistar gjer innanfor sitt avgrensa ekspertdomene. Sjølv om dette kan verka banalt, er det viktig å ta poenget om kategorisering på ekspertdomene inn i ei vidare drøfting av propriumsfeltet. Det er ikkje urimeleg om me kan konstatere eit skilje mellom tilnærma ålment sanksjonerte subkategoriar av proprium og dei som primært representerer ekspertkategoriar til bruk i vitenskapleg namnegransking.

3.5 Subkategoriar av namn

Me har etablert propria som språklege einingar med det sams at dei berre denoterer eitt einskildobjekt i verda. Ut over dette inneheld dei ikkje kategoriserande eigenskapar. Som eit resultat tek den vitenskaplege namnegranskinga gjerne utgangspunkt i typar av referentar når namneinventaret skal subkategoriserast. Eg vil sjå nærare på kor langt det frå ein språkleg synsvinkel er mogleg og hensiktsmessig å leggja referentkategori til grunn for subkategoriseringa. Eg tek utgangspunkt i kon-trastering (jf. ovanfor).

Det korte svaret på spørsmålet om kva typar av objekt som får namn i norsk, er at alle moglege objekt i prinsippet kan få namn. Eit raskt blick på empirien viser at det likevel ikkje er alle typar objekt som faktisk får namn. Det er t.d. meir uvanleg å gje namn til bilen sin enn det er å gje namn til hunden sin. Vidare ser motivasjonen bak namngjevinga ut til å vera ulik for forskjellige subkategoriar, eller om ein heller vil, ulike referenttypeavgrensa grupper av namn. I somme tilfelle er det (som vist m.a. i Andersson 1996: 15 ff) først og fremst den emotive og approprierende namnefunksjonen som er mest sentral, medan det i fleirtalet av tilfella er den kognitive funksjonen som er hovudsaka. I det vidare vil eg gjera greie for dei subkategoriane av proprium som har ålmennt sanksjon og ikkje berre blir nytta i ekspertsamanheng. Startpunktet er med andre ord dei gruppene av namn som har ei heilt klår forankring i elles konvensjonaliserte kategoriar av referentar i verda.

Samfunnsorganisasjonen vår legg til grunn at alle personar i eit sosialt felleskap får namn. I Noreg har alle personar plikt til å bera minst eitt førenamn. Denne plikta til namn er sanksjonert i lovform (jf. *lov om personnamn av 2002*, § 1), og ut frå dette burde subkategorien førenamn kunna reknast som i høgste grad etablert. Den primære funksjonen til førenamna er å vera individutpeikande. Med eige inventar og eigne bruksspesifikasjonar må personnamn av førenamntypen òg frå eit lingvistisk synspunkt seiast å utgjera ein heilt klår subkategori av propria. Førenamna kjem i bruk gjennom ei meir eller mindre institusjonalisert dåpshandling, gjennom val frå eit meir eller mindre lukka forråd, og dei kan brukast på arbitrære namneberarar.³ Førenamna utgjer den diakront mest stabile gruppa av

3) Meir presist er det å seia at førenamn-kategorien har to separate og i liten grad overlappende subkategoriar av mannsnamn og kvinnenamn. Skiljet mellom desse to er ikkje morfologisk merkt i moderne norsk, og todelinga av personnamnforrådet må oppfatast til primært å vera basert på konvensjon.

personnamn, og det ser òg ut til at denne subkategorien blir oppfatta av brukarane som den mest prototypiske eller «namneaktige» gruppa av proprium.

I moderne tid får alle norske statsborgarar også minst eitt (arveleg) slektsnamn. Slektsnamnskikken har avløyst bruken av ikkje-arvelege patronym, og dei utgjer som kategori ei tydeleg samansett gruppe. Dei to store kjeldene til arvelege slektsnamn i norsk er patronym (som i sin tur har opphav som personkarakteriserande tilnamn) og stadnamn (som tidlegare fylte ein adressefunksjon).

I tillegg til førenamna og slektsnamna omfattar personnamnkategorien også tilnamn. Medan førenamna og etter kvart også slektsnamna er obligatoriske, er det i moderne norsk ingen kognitiv identifiseringsmotivasjon som ligg til grunn for bruk av tilnamn. Her er det snarare tale om emotivt motivert namnsetjing. Dei personkarakteriserande tilnamna kviler oftast tungt på den klassifiserande tydinga til lagingane (jf. tilnamn av typen *Myggen* eller *Mini*). Andre tilnamn vil i større grad representera lagingar med mindre tydeleg tilgjengeleg eller relevant tydingsinnhald, jf. stereotype kjælenamn som *Vesla*, *Bitten* og *Tulla*, som godt kan brukast om både godt vaksne og om storvaksne damer, eller kjæleformer av førenamn, som hypokorismane *Kalle* og *Lasse*. Namn frå dei to siste gruppene viser grensetilfelle mellom tilnamn- og førenamnkategorien. Både *Lasse*, *Kalle*, *Vesla* og *Bitten* er gangbare førenamn i norsk. *Gullet* og *Knuppen* er derimot førebels ikkje gangbare.⁴

Når det gjeld andre individualitetar enn personar, er bruken av namn mykje meir varierende. Dei stadene i verda ein treng å kommunisera noko om, er dei som får eit stadnamn knytt til seg. Andre punkt og område i terrenget treng ikkje bli lyfte fram frå dei namnlause geografiske omgjevningane. Kva (typar av) stader ein har behov for å kommunisera noko om, vil sjølvstøtt endra seg over tid, og ulike tiders vekslende namnebehov er nøye dokumentert gjennom norsk stadnamngransking (jf. t.d. Helleland 1993: 33 ff). Stadnamna som subkategori har ein sentral plass innanfor namneklassen, både fordi desse namna er vesentlege orienteringspunkt i menneskeleg kommunikasjon og fordi dei har store namnebrukarkrinsar. I forskingsfaget er subkategorien stadnamn veileigna m.a. til diakron historisk og etymologisk orientert gransking. Som gruppe er dessutan stadnamna i Noreg, på same måten som personnamna, i den privilegerte situasjonen å ha eit eige lovverk (jf. *lov om stadnamn* av 1990).

Mot slutten av artikkelen vil eg drøfta nærare den interne strukturen i førenamnkategorien og stadnamnkategorien. Det er på dét nivået ulike teoretiske tilnærmingar til vidare inndeling av namnemateriala får store konsekvensar i forskningssamheng. Før me kjem til dette, er det likevel naudsynt å sjå nærare på dei namna

4) Dette har truleg primært samheng med at både opphavleg tydingsinnhald og morfologisk struktur ikkje er like tilgjengeleg for desse som for andre opphavlege tilnamn, men som me ser av døme som *Vesla* og *Bitten*, er dette ikkje ein statisk situasjon.

som er att etter at personnamna og stadnamna er etablerte som subkategoriar med ålmann oppslutnad. Det som står att, fell i onomastikken inn under den ikkje så svært opplyssande kategorioverskrifta «andre namn», eller «øvrigte namn».⁵

Som nemnt kan alle typar individualitetar få namn, og eksempel på eit relativt nytt tilskott i den norske namnefloraen er namn på stormar og orkanar. Nokre typar levande individ får nokså regelbunde namn, og det er t.d. vanleg å namngje hundar, kattar og andre kjæledyr, samt større husdyr som hest og ku. Leibring (2002) viser likevel at namngjevinga av kyr er mindre vanleg nå enn før, og ho meiner dette heng saman med den tiltakande industrialiseringa av landbruket. Andre typar dyr får derimot sjeldan eller aldri namn. Nokre namngjev bilane sine, medan ein god del namnebrukarar gjev namn til hyttene eller fritidsbåtane sine.⁶ Skip og større båtar får som regel namn, medan dei minste båtane sjeldan har noko meir enn eit registreringsnummer. I kategorien «andre namn» fell også namn på verksemdar og merkevarer.⁷

Opprekninga av moglege referentdefinerte grupper av andre namn kunne vore utan ende, men felles for desse «andre namna» er for det første at namngjevinga primært ser ut til å ha ein motiv funksjon, medan det kognitive, kommunikative namngjevingsbehovet når det gjeld desse objektgruppene ikkje kan seiast å vera særleg akutt. Namngjevinga har snarare det Rogan (1994) beskriv som ein singulariserande og approprierande funksjon – med andre ord at språkbrukaren gjennom namngjevingshandlinga uttrykkjer eit nærare forhold til eitt konkret objekt innanfor ei større gruppe, og dermed gjer ei emosjonell investering i det. For det andre er det eitt anna vesentleg fellestrekk ved namn på andre typar objekt enn stader og personar, som m.a. Andersson (1994) observerer: Lån frå andre, etablerte namnekategoriar pregar desse gruppene av såkalla andre namn. Anderssons eksempel-materiale dokumenterer lån frå dei etablerte kategoriane stadnamn og personnamn (inkludert litterære og mytologiske namn). Fordi namngjevinga for mange av desse «andre» objekttypene ikkje spring ut av noko identifiseringsbehov, men snarare dreier seg om ei primært emosjonell investering, vil namnebrukarkrinsane ofte vera små og diakront ustabile. Dette vil vera ein motivasjon til å velja namn som har ein tydeleg, etablert proprialitet. Lånemønsteret av personnamn og stadnamn inn i kategorien av «andre namn» utgjer dermed evidens for den sentrale plassen stadnamn og personnamn har i propriumskategorien. Desse framstår altså som dei

5) *Övriga namn* er til og med tittel på rapporten frå NORNA 19. symposium (jf. Jóhannesson et al. 1994).

6) Strukturelt vil jo desse andre namna oftast vera lån frå dei store og etablerte kategoriane personnamn og stadnamn, jf. nedanfor.

7) Varemerkenamna kan ha både propriale og appellativiske eigenskapar. I somme tilfelle ser ein òg at dei over tid kan appellativiserast, som i tilfella *termos* og *stillongs*. Diskusjonen om den språklege statusen til merkevarenamn er for lang å komma inn på her, men fortener absolutt fagleg merksemd.

sentrale subkategoriane i namneklassen. Låna over i andre referentavgrensa subkategoriar gjev òg to andre viktige innsikter: Dei vitnar både om den sterke tendensen til resirkulering og analogi i namngjeving, og om den sterke graden av semantisk demotivering som må liggja til grunn for at slike namnelån frå éin referentkategori over i ein annan faktisk er moglege.

4 KLASSIFISERING AV PROPRIUM I SKANDINAVISK ONOMASTIKK

Den tradisjonelle onomastiske granskinga reknar førenamna som innhaldslause merkelappar, medan stadnamna blir oppfatta som komprimerte tekstar som fortel om noko utpeikande og vesentleg ved namneobjektet. Andersson (1996) omtalar desse to utterpunkta i namngjevinga som det propriale grunnmønsteret, men presiserer at dette representerer ei førestelling om særleg stadnamnlaginga som ikkje utan vidare finn støtte i empirien. Arbeid av m.a. dei finske namnegranskarane Eero Kiviniemi og Kurt Zilliacus dokumenterer at stadnamnforrådet har eit sterkt analogibunde preg. Kiviniemi (jf. t.d. 1991) finn empirisk evidens for at stadnamna i svært stor grad framstår som analogiske lagingar og at stadnamnforrådet utgjer eit relativt lukka og leksikalsk sterkt spesialisert domene. I modellen Andersson (1996) set opp over det mentale onomastikonet tek han omsyn til denne innsikten og integrerer både prefabrikkerte namn til bruk på meir eller mindre arbitrære namneobjekt (namn av typen *Fredheim*), og prefabrikkerte namn høvelege på namneobjekt som oppfyller visse nokså generelle eigenskapar (namn av typen *Bjørkheim* og *Skogstad*) i tillegg til dei primære og sekundære namnelagingane. Dei nemnde funna (sterke tendensar til analogi og lukka ordforråd) gjev grunn til å diskutera om ikkje også stadnamna i stor grad fortel om namngjevaren sine førestellingar om proprialitet (jf. her òg Bakken 2000a).

Bakken (1994) og Nyström (1995 og 1996a og b) drøftar propria sin plass i ein leksikalsk nettverksmodell. I ein slik modell vil tilnamna vera den subkategorien av namn som viser dei mest gjennomgåande nære sambanda med dei appellativiske substantiva i nettverket. Tilnamna er primære lagingar og refererer til ein typisk eigenskap eller ei spesiell hending knytt til namneberaren. Dei er lite prototypiske namn, fordi den kategoriserande tydinga er heilt essensiell for at tilnamnet skal oppfylla funksjonen sin. Tilnamna har dermed eit stort utnyttingspotensiale i studiar av synkrone ordlagingsmekanismar og i studiet av det interessante grenselandet mellom proprium og appellativ.

Dei to sentrale subkategoriane personnamn og stadnamn har gjennom heile faghistoria framstått som to separate granskingsdisiplinar med kvar sine granskings spørsmål og metodar (jf. Bakken 2000a, b). Stadnamngranskinga har gjennom det etymologiske potensialet hatt ein sterkare plass og blitt vurdert som meir interessant i den tradisjonelle ganskingsdisiplinen. Men det kan også sjå ut til at dei to

subkategoriane har så sterk ålmenn innprenting at dei forsvarer ein status som kategoriar på basalnivå. Det treng ikkje forpurra den taksonomiske relasjonen mellom kategoriane namn og førenamn eller namn og stadnamn i eit kategoriseringshierarki (jf. plasseringa Taylor (2002: 136) gjer av *jeans* på basalnivå, ved sida av *trousers*).

Zilliacus (2002) gjer ei kritisk tilnærming til kategoriseringspraksisen innanfor onomastikken, men han hevdar at dei store subkategoriane i namneklassen svarer til konvensjonaliserte domene og artsomgrep som menneske, geografiske stader, kyr, båtar osv. I den graden desse subkategoriane også framstår som språkleg relevante, fungerer inndelingane greitt frå eit granskings synspunkt. Når ein ser i detalj på korleis desse ulike referentavgrensa subkategoriane er vidare delte inn i onomastikken, avteiknar det seg ein ofte problematisk praksis. Det heilt spesielle sambandet mellom namn og namneobjekt – betinga av at namnet berre har éin referent – gjer onomastikken til noko meir og noko anna enn den lingvistiske granskinga elles. Som fleire granskarar har vore inne på, kan det nære sambandet mellom namnet og den eine referenten i klassifiseringssamanheng sjå ut til å representera ein snubletråd, jf. for eksempel van Langendonk (1995), som åtvarar eksplisitt mot det han kallar «spekulativ kategorisering» av namn. Zilliacus (2002) hevdar at den sterke saksorienteringa i onomastikken fører med seg kategorisering som er upresis, og som i verste fall fører til feilanalysar.

Eit nærliggjande døme på slik problematisk subkategorisering på spesialistnivå er undersøkingar av synkrone, moderne førenamnval som legg proveniens til grunn for vidare kategorisering og analyse. For moderne namngjevarar ser det i namngjevingssituasjonen ut til å vera lite relevant om namn som *Per* og *Kari* har eit anna språkleg opphav enn *Ola* og *Liv*, og det er vidare lite som tyder på at det er ei veksande religiøs orientering som ligg bak 1990- og 2000-talets popularitet for opphavleg gammaltestamentlege namn som *Sara* og *Noa*. For somme personnamn kan opphav vera meir relevant, men det ser i hovudsak ut til at heilt andre mekanismar ligg bak moderne namneval. Som eit døme på ei språkstrukturell tilnærming til moderne førenamnmateriala kan eg trekka fram Alhaug (2000). Alhaug analyserer førenamn i Noreg på 1900-talet, og i ein delstudie grupperer han det empiriske materialet etter talet på stavingar og utlydsvokalisme. Resultata hans dokumenterer at ei slik språkstrukturell subkategorisering ser ut til å vera meir i samsvar med kategoriane namngjevarane oppfattar som relevante i namnevalsituasjonen enn ei proveniensorganisert. Kort sagt kan ein hevda at studiar som gjeld samansetninga av sjølve namneforrådet vil vinna på ei vidare subkategorisering av førenamna etter geografisk eller kulturelt opphav, medan studiar av førenamnbruk heller bør leggja til grunn ei (synkront eller diakront) språkleg definert inndeling av materialet.

I norsk stadnamngranskning er det to tydelege skolar eller tilnæringsmåtar til

det empiriske feltet. Den eine er etablert etter førebilete av Oluf Ryghs tilnærming i storverket *Norske Gaardnavne*, medan den andre kan knytast til Gustav Indrebø. *NG* er det store referanseverket i norsk namnegransking, det har ei tydeleg etymologisk orientering, og handsamar einskildnamn ut frå matrikkelordninga. Tilnærminga er i tråd med samtidas sterke vekt på etymologi og er det skoledannande utgangspunktet for den seinare taksonomisk orienterte subkategoriseringa av stadnamn i soknenamn, bynamn, plassnamn, innsjønamn osv. Zilliacus (2002) viser at inndelinga etter artskategori i onomastikken ofte er forsøkt vidareutvikla til både å gjelda underordna kategoriar (som ved inndeling av namn på innsjøar etter storleiken på namneobjektet), og overordna kategoriar (som ved inndeling av stadnamna i *naturnamn* og *kulturnamn*). Zilliacus hevdar denne vidareutviklinga representerer døme på kategorisering som ikkje har motsvar i eit ålment omgrepssystem, og han hevdar dette gjer det vanskeleg å skapa konsistens i inndelinga. Subkategoriar av namn som refererer til kognitivt saliente kategoriar som *meneske*, *geografisk stad*, *dyr* osv. vil etter Zilliacus' syn likevel vera opplyssande i granskingsamanheng, slik me har sett døme på ovanfor. Zilliacus er samstundes nøye med å understreka at dei nemnde artsomgrepa må ha ein konvensjonell basis, og tilhøyra omgrepssystem som knyter seg til geografisk eller kronologisk avgrensa kulturkrinsar.

Subkategorisering av stadnamn ut frå artar eller grupper av denotatum er ikkje så uvanlege i onomastiske arbeid, men i mange tilfelle ser denne typen kategorisering i beste fall ut til å ha eit nokså implisitt føremål. Eg vil trekkja fram to døme. Det første er frå Ola Stemshaugs innføringsbok i namnegransking frå 1985, som inneheld eit kapittel med overskrifta «Inndeling av stadnamn». I dette kapitlet deler Stemshaug stadnamna primært inn i «bustadnamn» og «naturnamn». Naturnamna deler han inn i subkategoriar som «høgdenamn», «vassdragsnamn», «fjordnamn» osv., medan bustadnamna blir delte i «vanlege bustanamn» og «seternamn». Stemshaug nemner også den alternative kategoriseringa med «kulturnamn» og «naturnamn». I ei slik inndeling skal kulturnamn-kategorien femna om namn på åker og eng, vegar, bruer osv., i tillegg til bustadnamna. Stemshaug kjem ikkje med noka vidare rettleiing i bruk av dette systemet, og det er uklårt for lesaren kva føremål kategoriseringa tener, men her ville det vera relevant å trekkja fram det sentrale poenget til Zilliacus 2002 (ovanfor) om at dei subkategoriane av namn som refererer til kognitivt saliente kategoriar i verda i praksis vil vera interessante.

Det andre dømet er framlegget Gunnstein Akselberg (2005) gjer til subkategorisering av onomastikonet. Han har tidlegare sjølv hevda at onomastikken har vore tydeleg på motivasjonen bak kategorisering og funksjonen denne eventuelt skulle ha (jf. Akselberg 2002), men dessverre ser denne kritikken ut til også å råka hans eigen artikkel frå 2005. Der hevdar Akselberg det gjev mening å dela

onomastikonet (forstått som det totale namneforrådet i det norske språket), opp i ulike geografisk og sosialt avgrensa onomastikon. I tillegg lanserer han ein tanke om at onomastikonet bør betraktast som kategorisert i ulike delonomastikon knytt til forskjellige aktivitetar og emne. Nærare bestemt hevdar Akselberg det mentale onomastikonet kan delast inn i t.d. rurale, urbane, kristne, maritime osv., delonomastikon. Som med Stemshaug (1985) blir det ikkje gitt uttrykk for føremålet med denne svært spesifikke kategoriseringa. Dei rurale, kristne og maritime sub-onomastikona kan nok oppfattast som leksikalske domene der t.d. kristendom eller maritim verksemd utgjer den semantiske basen namna spring ut frå. Det er likevel ikkje heilt klårt om dette er tilfellet, og korleis det i så fall kan brukast i den språkleg innretta namnegranskinga. Også her må konklusjonen vera at det er litt vanskeleg å sjå relevansen av slike kategoriar i namnegranskinga, utan at desse samstundes har motsvar i etablerte kategoriar i verda.

Den andre tydelege hovudretninga i norsk onomastikk knyter seg til Gustav Indrebøs sentrale arbeid på feltet, og subkategoriserer namnemateriale ut frå namnestruktur. Inndelinga av namna er i simpleks, samansette (toledda) namn, avleiingar osv., og er på dette nivået altså strukturell, snarare enn taksonomisk. Mykje stadnamnmateriale er samla inn og kategorisert på denne måten i hovudoppgåvearbeid frå 1900- og 2000-talet, og i nyare tid er det i fleire onomastiske studiar med tydelegare lingvistisk tilnærming til stadnamnmateriale valt subkategorisering ut frå namnestruktur (jf. t.d. Bakken 1998, Wetås 2003, 2005). Desse arbeida dokumenterer at samansetjingsstatus og morfologisk skap har relevans for brukarane i visse brukssituasjonar, og dei leverer argument for at ei subkategorisering av stadnamn ut frå struktur i mange samanhengar vil vera det mest føremålstenlege i den språkleg innretta namnegranskinga.

5 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Den wittgensteinske kategoriseringsmodellen der kategoriane har tydelege sentrum og uklåre yttergrenser ser ut til å vera mykje meir fruktbar i møtet med språkleg empiri enn den klassiske kategorimodellen. I namnegranskingssamanheng gjeld dette både i avgrensinga av propriumskategorien mot omgjevnadene og ikkje minst når det gjeld å skildra subkategoriar i propriumsklassen. Prototypetilnærminga vil i praksis ikkje berre belysa kategorisentera, men også gje oss høve til å integrera dei ikkje-prototypiske instansieringane, som i språkvitskapleg samanheng ofte framstår som dei mest interessante.

Førenamn, slektsnamn, personkarakteriserande tilnamn, stadnamn osv. representerer alle subkategoriar av klassen proprium. I sine prototypiske former knyter det seg ulike namngjevings- og namnelagingsprinsipp til dei to store objektavgrensa gruppene stadnamn og personnamn, og dette er eit vesentleg argument for delinga i desse to underkategoriane, som Andersson (1996) refererer til som

den propriale grunnstrukturen. Ikkje desto mindre viser eit blick på empirien at det er stor grad av overlapping mellom dei to kategoriane og frå desse og over i den appellativiske delen av substantivforrådet. Kategorien personkarakteriserande tilnamn har med sin motiverte semantikk tydelege korrespondansar til appellativa medan kategorien diakront leverer bidrag til den elles lukka førenamn-kategorien. Slektsnamn-kategorien låner både frå tilnamn- og stadnamn-kategorien, og eit fellestrekk ved dei ulike gruppene av «andre namn» er at dei kviler tungt på lån frå stadnamn- og personnamn-kategoriane.

Eit blick på stoda innanfor onomastikken viser at kategoriseringar som ikkje kan forankrast i eit ålment omgrepssystem, ofte støyter på vanskar i møte med empirien. Zilliacus (2002) hevdar onomastikken med tida har utvikla seg til å bli orientert om *sak*. Kategoriseringa har etter kvart difor komme til å representera to ulike innfallsvinklar – den språkvitskaplege og den saksorienterte. To vesentlege moment det må takast omsyn til i ei referent-orientert subkategorisering av namna er at namneinventaret er mykje meir systembunde og prega av analogiar enn den tradisjonelle onomastiske tilnærminga har lagt til grunn, og at stadnamna diakront ofte gjennomgår denotasjonsskifte og dermed er notorisk lite trufaste mot den opphavlege referenten sin. Det som uansett må vera hovudkonklusjonen er at visse (sub-)kategoriar er meir relevante for namnebrukarane enn andre. Vidare må basisen for kategoriseringa vera tilpassa føremålet med granskinga og subkategoriseringa må også ta omsyn til om føremålet med granskinga er språkvitskapleg, kulturhistorisk eller sosio-kulturelt, og om ho har eit synkront eller diakront perspektiv.

Bokliste

- Akselberg, Gunnstein 2002: Kategorisering som prinsipp i namnegranskinga. Terhi Ainiala m. fl. (red.): *Avgränsning av namnkategorier. Forskningscentralen för de inhemska språken, Skrifter 4*. 37–77.
- Akselberg, Gunnstein 2005: The structure of the onomasticon and name classification. Eva Brylla & Mats Wahlberg (red.): *Proceedings of the 21st International Congress of Onomastic Sciences. Uppsala 19–24 August 2002*. 67–78.
- Alhaug, Gulbrand 2000: Endringar i fornamnsmønsteret i Noreg på 1900-talet (1900–1975). Kristin Bakken & Åse Wetås (red.): *Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking*. 163–188.
- Andersen, Henning 2001: Introduction. Henning Andersen (ed.): *Actualization. Linguistic Change in Progress*. 1–20. Amsterdam/Philadelphia.
- Anderson, John M. 2004: On the grammatical status of names. *Language* 80/3. 435–474.
- Andersson, Thorsten 1994: Olika egennamns-kategorier – förenande och särskiljande drag. Kristinn Jóhannesson m. fl. (red.): *Övriga namn. NORNA-rapporter 56*. 15–42.

- Andersson, Thorsten 1996: Onomastiska grundfrågor. Kristoffer Kruken (red.): *Den ellefte nordiske navneforskerkongressen. NORNA-rapporter 60*. 15–41.
- Bakken, Kristin 1994: Navnelaging og onomastikonet. *Namn og nemne* 1994. 35–46.
- Bakken, Kristin 2000a: Teori i navneforskningen. Et diskusjonsinnlegg. Berit Sandnes m. fl. (red.): *Oluf Rygh. Rapport fra symposium på Stiklestad 13.–15. mai 1999. NORNA-rapporter 70b*. 11–23.
- Bakken, Kristin 2000b: Personnavnforskning og stedsnavnforskning – to ulike disipliner? Kristin Bakken & Åse Wetås (red.): *Namn gjennom 2000 år – navn i år 2000. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking*. 137–156.
- Bakken, Kristin 2002: Navnestatus og bestemthetskategorien. Terhi Ainiola m.fl. (red.): *Avgränsning av namnkategorier. Forskningscentralen för de inhemska språken, Skrifter 4*. 20–36.
- Beito, Olav T. 1970: *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. Oslo
- Brown, Cecil H. 1990: A survey of category types in natural language. Tsohatzidis, S. L. (ed.): *Meanings and Prototypes. Studies in linguistic categorization*. 17–47. London–New York.
- Dyvik, Helge J.J. 1986: *Grammatikk og empiri. En syntaktisk modell og dens forutsetninger. Bd. 1. Skriftserie. Nr. 41. Serie B. Institutt for fonetikk og lingvistikk*. Bergen.
- Enger, Hans-Olav og Kristian Emil Kristoffersen 2000: *Innføring i norsk grammatikk. Morfologi og syntaks*. Oslo.
- Enger, Hans-Olav 1998: *The classification of strong verbs in Norwegian with special reference to the Oslo dialect. Acta humaniora 26*. Oslo.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo 1997: *Norsk Referansegrammatikk*. Oslo.
- Helleland, Botolv 1993: *Adresser og stadnamn. 2. Stadnamn i offentlig og privat bruk*. Oslo.
- Jóhannessen, Kristinn m.fl. (red.) 1994: *Øvrige navn. NORNA-rapporter 56*.
- Kay, Paul & Karl Zimmer 1990: On the semantics of compounds and genitives in English. Tsohatzidis, S. L. (ed.): *Meanings and Prototypes. Studies in linguistic categorization*. 239–246. London–New York.
- Kiviniemi, Eero 1991: Analogisk navngivning och den toponomastiska teorin. Gordon Albøge m. fl. (red.): *Analogi i navngivning. NORNA-rapporter 45*. 111–120.
- Kohlheim, Volker 1998: Towards a Definition of the Onymic System. W. H. F. Nicolaisen (ed.): *Proceedings of the XIXth International Congress of Onomastic Sciences. Vol. 1. Scope, perspectives and Methods of Onomastics*. 173–178. Aberdeen.
- Labov, William 1973: The Boundaries of Words and their Meanings. Charles-James N. Bailey & Roger W. Shuy (ed.): *New Ways of Analyzing Variation in English*. 340–373.
- Lakoff, George 1987: *Women, Fire and dangerous Things. What Categories Reveal about the Mind*. Chicago–London.
- Langacker, Ronald W. 1987: *Foundations of Cognitive Grammar. Vol 1. Theoretical Prerequisites*. Stanford.
- Langacker, Ronald W. 1991: *Foundations of Cognitive Grammar. Vol 2. Descriptive Application*. Stanford.
- Leibring, Katharina 2002: Att avgränsa namnkategorier: exemplet husdjursnamn. Terhi Ainiola m. fl. (red.): *Avgränsning av namnkategorier. Forskningscentralen för de inhemska språken, Skrifter 4*. 101–114.
- NG = Oluf Rygh m.fl.: *Norske Gaardnavne 1–18*. Kristiania 1897–1924. *Fællesregister* ved A. Kjær, Oslo 1936.
- Nyström, Staffan 1995: Lexicon och onomastikon – två samverkande system. *Namn og nemne* 1995. 81–88.
- Nyström, Staffan 1996a: Names in the Mind: Aspects of the Mental Onomasticon. W. H. F. Nicolaisen, (ed.): *Proceedings of the XIXth International Congress of Onomastic Sciences. Vol. 1. Scope, perspectives and Methods of Onomastics*. 229–235.

- Nyström, Staffan 1996b: Namnmönster, namnsystem, onomastikon – något om namnförrådets art och struktur. Kristoffer Kruken (red.): *Den ellefte nordiske navneforskerkongressen. NORNA-rapporter 60*. 133–148.
- Pamp, Bengt 1991: Namnfilologi och namnlingvistik. Några betraktelser över namnforskningen som vetenskap. *Saga och Sed 1991*. 115–124.
- Rogan, Bjarne 1994: Navn eller nummer? Motiver for navngivning av ting. Kristinn Jóhannesson m.fl. (red.): *Övriga namn. NORNA-rapporter 56*. 81–100.
- Rosch, Eleanor & Carolyn B. Mervis 1975: Family Resemblances: Studies in the Internal Structure of Categories. *Cognitive Psychology 7*. 573–605.
- Stemshaug, Ola 1985: *Namn i Noreg*. Oslo.
- Tanaka, James W. & Marjorie Taylor 1991: Object Categories and Expertise: Is the Basic Level in the Eye of the Beholder? *Cognitive Psychology 23*. 457–482.
- Taylor, John R. 2002: *Cognitive Grammar*. Oxford.
- Taylor, John R. 2003: *Linguistic Categorization*. 3rd ed. Oxford.
- Thomasson, Amie 2013: Categories. *Stanford Encyclopedia of Philosophy* <http://plato.stanford.edu/>
- Tversky, Barbara 1990: Where partonomies and taxonomies meet. Tsohatzidis, S. L. (ed.): *Meanings and Prototypes. Studies in linguistic Categorization*. 334–344. London–New York.
- van Langendonk, Willy 1995: Name Systems and Name Strata. Ernst Eichler et al. (red.): *Namenforschung/Name Studies/Les noms propres. Ein internationales Handbuch zur Onomastik. 1. Teilband*. 485–489. Berlin–New York.
- Wetås, Åse 2003: Gustav Indrebø (1926): “Kasus obliquus i norske stadnamn”. Om proprium og kasusfleksjon. Åse Wetås & Tom Schmidt (red.): *Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking*. 57–69. Oslo.
- Wetås, Åse 2005: Tveiten og Tortveit. Om opphavleg oblik form i stadnamn. Staffan Nyström (red.): *Namnens dynamik. Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick. NORNA-rapporter 80*. 345–359.
- Wetås, Åse 2008: *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale. Acta humaniora 360*. Oslo.
- Wittgenstein, Ludwig 1997: *Filosofiske undersøkelser*. Oslo.
- Zilliacus, Kurt 2002: *Forska i namn*. Helsingfors.

Navn fra Hauketo

Av Line Lysaker Heinesen

Names from Hauketo – English summary

This paper deals with personal names in the area of Hauketo south of Oslo, taken from the census in 1865. The material consists of the names of 860 persons (433 men and 427 women). Most of the bearers were born in the area (about 50%) or in the neighbouring counties, but some were born in Sweden. The first part of the paper deals with the use of surnames, and concludes that patronymics were by far the most common type of surname. Unfortunately, the material makes it hard to find out whether these patronymics are of the primary or secondary type (father's name + -son/-daughter or another forefather's name + -son/-daughter). The research also shows that most of the married women in the material have not taken their husband's surname. The second part of the paper deals with given names, and looks at how naming after parents and grandparents was practised, the use of long and short names (measured in the number of syllables) and the use of derivative names and short names/pet names. The use of double names and Nordic names and the Nordic name renaissance are also mentioned. The summary of this part of the paper concludes that the traditional system of naming children after their grandparents does not seem to be commonly used, but this is not surprising as this custom has been best preserved in remote inland parts of Norway, while Hauketo was a fairly central area at the time. The use of long names and derivative names was most common among the women. The most surprising find is the lack of double names, but this may stem from a practice of only registering a person's first name in the census.

INNLEDNING

Jeg vil i denne artikkelen se på noen sider ved personnavnbruken i mitt nærområde, slik denne bruken viser seg gjennom folketellingen fra 1865. Jeg har tatt for meg både fornavn, mellomnavn og etternavn, og sammenligner bruken av dem i dette materialet med resultatene fra tilsvarende undersøkelser. Formålet med artikkelen er å finne ut om navnebruken skiller seg fra funnene andre har gjort, og om det viser seg bestemte trekk ved navnebruken som kan være interessante å kommentere.

MATERIALET

Navnematerialet er hentet fra nettutgaven av folketellingen fra 1865 (<http://arkivverket.no/Digitalarkivet>). Jeg har hentet ut navnene på alle personene som er ført opp i Hauketo skoledistrikt i Aker, et område som i dag ligger delvis i Oslo og delvis i Akershus. Materialet består av 860 personer, 433 menn og 427 kvinner, fordelt på 128 forskjellige gårder.

Personene i materialet er oppført i folketellingen med fødested, og av disse opplysningene fremgår det at det er mange innflyttere i området. Av de 860 personene er det bare 445 som har Aker oppført som fødested. At folk har flyttet mye på seg, kan også ses ut fra fødestedet til barna i hver enkelt familie. Det er ikke uvanlig at barna i en søskenflokk er født på forskjellige steder. De aller fleste innflytterne kommer, ikke overraskende, fra nærområdene: Enebakk (63 personer), Ski (55 personer), Oppegård (31 personer) og Kristiania (27 personer). Men de kommer også fra steder spredt rundt i Akershus, Østfold, Buskerud, Oppland og Hedmark. Et par kommer fra Vestfold og Telemark, dessuten inneholder materialet én person fra København (en fostersønn) og 31 personer fra Sverige. De fleste av disse er arbeidere og tjenestefolk, men noen har også giftet seg og fått barn her.

Jeg har gjort en grovinndeling av personene i materialet for å finne ut hvilke sosiale lag de tilhører. Denne oversikten må bli omtrentlig, ettersom overgangene mellom gruppene er uklare. Fordelingen i grupper blir som følger:

- Koner og barn uten yrkesoppføring, føderådsfolk, husholdersker, livørsfolk: 64 %
- Tjenestefolk og arbeidere: 16 %
- Selveiere, gårdbrukere, huseiere, forpaktere: 9 %
- Husmenn, håndverkere, lærere: 8 %
- Fattiglemmer, innerster, folk på legd: 2 %
- Proprietærer, kapteiner, godseiere, fullmektiger o.l.: 1 %

I og med den store mengden innflyttere, får ikke denne undersøkelsen et så lokalt preg som jeg først hadde tenkt. Hvis jeg skulle skille ut alle personer med

fødested Aker, ville materialet ha blitt ganske snaut, dessuten ville det bli et uheldig skille siden medlemmene i én og samme familie ofte har forskjellige fødested. Jeg vil derfor i hovedsak se hele materialet under ett, og heller trekke ut mindre grupper av personer for å se nærmere på dem og hvordan navnebruken hos dem forholder seg til navnebruken i hele materialet.

Etternavn

Aller først vil jeg ta for meg etternavnbruken i materialet. (Med *etternavn* menes her det som i folketellingen er oppført i rubrikken «Etternavn»). I den sammenheng vil jeg se på både hvilke typer etternavn som er i bruk og hvordan disse er fordelt, i hvor stor grad personene ser ut til å ha faste slektsnavn, og også i hvilken grad gifte kvinner har tatt mannens etternavn. Jeg kommer også inn på bruk av mellomnavn (dette begrepet defineres nedenfor).

Navnetyper

De aller fleste personene i materialet (806 personer, 94 %) er ført opp med et patronym som etternavn, altså et mannsnavn + *-sen/-datter* (i materialet er dette forkortet *-s./-d.*, men jeg skriver navnene ut med *-sen/-datter* i teksten). I mange tilfeller lar det seg ikke gjøre å finne ut om dette er et ekte eller et sekundært patronym, men i de tilfellene der både far og barn er ført opp sammen (bor på samme gård), er det mulig å finne ut av. Det viser seg da at vi bare finner fire eksempler på bruk av sekundært patronym:

- *Vilhelm Hansen* og *Johanne Hansen* har fem barn, som alle er ført opp som *Hansen/Hansdatter*
- *Hans Olsen* og *Anne Olsdatter* har datteren *Karen Olsdatter*
- *Petter J. Skjennesen* (enkemann) har sønnene *Emil Skjennesen* og *Erik Skjennesen*
- *Bernt Olsen* og *Oline Nilsdatter* har fem barn, som alle er ført opp som *Olsen/Olsdatter*

I tillegg finnes det en heller merkelig oppføring der *Peder Johannesen* og *Karen Kristoffersdatter* er ført opp med barna *Ole Hansen*, *Marie Pedersdatter*, *Kristian Larsen* og *Karoline Hansdatter*, alle nevnt «deres Søn/Dat.»

Disse funnene passer godt med andre undersøkelser av etternavnbruk på 1800-tallet. For eksempel skriver Gudlaug Nedrelid at «[n]amneskikken i førre hundreåret, slik han lèt seg dokumentera i 1801-folketeljingi, er [...] dominert av at majoriteten av innbyggjarane den gongen hadde primærpatronym» (1998: 31). Astrid Weel Sannrud har samme konklusjon: «Den mest brukte etternavnstypen i forrige århundre i Fredrikstad var farsnavn.» (1995: 197).

To av personene i materialet mangler etternavn. Resten av personene i materialet har etternavn av forskjellige typer:

- Gårdsnavn (*Oppegaard, Haug, Indgjer, Tyrinby, Solberg, Budkjer* (?), *Lilleaasen, Hersæter, Høibraate og Rud*, tilsammen 31 personer)
- Svenske (*Hjelm, Strømberg, Blad, Holmqvist og Nystrøm*, til sammen 11 personer)
- Andre (*Michlet, Rasch/Rask, Kronsten og Røm*, til sammen 10 personer)

I de tilfellene der personene har et gårdsnavn som etternavn, er dette et annet enn navnet på gården der de bor. De svenske etternavnene (som også er båret av svensker), passer godt med beskrivelsen Astrid Weel Sannrud har i sin artikkel:

«Mange av de svenske navnene er tilnavn. Innbyggerne i en «by» har f. eks. ofte tatt utgangspunkt i bynavnet når de har lagt etternavn. De kan ha tatt første halvdel av bynavnet og lagt til en endelse f.eks. *-quist* eller *-gren* eller *-ström*. [...] De svenske navnene er gjerne toleddede, hvert ledd består helst av bare en stavelse, og navnene har gjerne ingen komposisjonsfuge.» (1995: 188–189).

Etternavnene i kategorien «Andre» er av forskjellig opprinnelse. Navnet *Rasch/Rask* har svensk/tysk/dansk opprinnelse, men alle bærerene er født i Norge. Navnet *Michlet* er av fransk opprinnelse, og navnet *Kronsten* er av samme oppbygning som de svenske etternavnene, selv om bærerene er født i Norge. *Røm* har jeg ikke funnet noen opplysninger om, og navnet ser ikke ut til å være i bruk i dag. *Budkjer* kan være gårdsnavnet *Bukjær* fra Fjære i Aust-Agder, men alle de fire bærerene er født i Aker.

Bruk av slektsnavn

Hvorvidt etternavnene til personene i materialet er slektsnavn, altså et etternavn som går i arv fra generasjon til generasjon, er, som jeg var inne på ovenfor, bare mulig å finne ut der far (mor) og barn er ført opp på samme gård. Som nevnt har jeg bare funnet fire eksempler på bruk av sekundært patronym, og av de 19 etternavnene som ikke er patronym, er 8 båret av både far og/eller mor og barn.

Kvinneres etternavn som gifte

Kvinneres etternavn som gifte er et tema det er skrevet lite om. *Norsk etternavnleksikon* sier følgende: «Ved giftarmål har det tradisjonelle mønsteret vore at kvinna tok slektsnamnet til mannen» (Veka 2000: 16). Denne setningen er

ganske uklar, både fordi ordet «tradisjonell» ikke har noen fast tidsbegrensning, og fordi bruken av slektsnavn ikke var vanlig utbredt før langt inn på 1800-tallet. Ivar Utne skriver i sin artikkel

«Gifte kvinners etternavn, slektsnavn og mellomnavn» at «[i] 1865 hadde antakelig størstedelen av befolkninga i det [sic] store byene fått faste slektsnavn. I Oslo og Trondheim hadde størstedelen av befolkninga tatt i bruk faste slektsnavn, i Trondheim mest annet enn sen-navn. Blant folk med sen-navn hadde rundt 90 % av ektefellene felles etternavn» (2002: 8).

Og Astrid Weel Sannrud har kommet fram til at drøyt halvparten av de gifte kvinnene i Fredrikstad i 1865 har tatt mannens etternavn (1993: 265). I mitt materiale er tallene mye lavere, av 134 ektepar har jeg bare seks eksempler på at mann og kone har samme etternavn, og bare ett av disse ekteparene har et patronym som etternavn:

- *C.M. Haug* og *Karen Haug* (barna heter *Haug*)
- *Helle Indgjer* og *Thea Indgjer* (barna heter *Indgjer*)
- *Elias Hjelm* og *Gunild Hjelm* (barna heter *Hjelm*)
- *Johan Tyrinby* og *Karen Tyrinby* (barna heter *Tyrinby*)
- *C. August Budkjer* og *Karoline Budkjer* (barna heter *Budkjer*)
- *Vilhelm Hansen* og *Johanne Hansen* (barna heter *Hansen/Hansdatter*)

Ingen av kvinnene er ført opp med pikenavn eller farsnavn i tillegg til mannens navn.

Mellomnavn

Fire av mennene i materialet er ført opp med patronym + gårdsnavn/annet etternavn: *Lars Kristiansen Høibraate*, *A. Hansen Lilleaasen*, *Bernt Torstensen Rud* og *Karl Olsen Blad*. Astrid Weel Sannrud skriver om denne bruken av mellomnavn, definert som et navn som «står mellom fornnavnet og etternavnet, og det må alltid være av etternavns type» (Sannrud 1995: 186). I hennes materiale, akkurat som i dette, er denne bruken lite utbredt. Videre skriver hun at «[s]vært mange av dem som har et mellomnavn som slutter på *-sen* eller *-datter*, har et norsk bostedsnavn som etternavn, og dette er det tradisjonelle norske navnekomplekset.» (Sannrud 1995:195). *Norsk etternavnleksikon* sier at «[I]enge hadde det vore slik at førenamnet eller patronymet ofte vart følgt av eit gårdsnamn, ikkje som eit fast slektsnamn, men meir som ei opplysende adresse.» (Veka 2000: 14). Men gårdsnavnene disse mennene har som etternavn er, som nevnt ovenfor, ikke samme navn som gården de er bosatt på, så de fungerer ikke

som adresse. Og bare *A. Hansen Lilleaasens* barn har fått *Lilleaasen* som etternavn, barna til de tre andre har ekte patronym. Det kan dermed se ut som disse etternavnene har vært en slags tilnavn, eller har vært nødvendige for å skille disse personene fra andre med samme navn.

Oppsummering etternavn

Det er, i den grad det lar seg avgjøre, lite bruk av faste slektsnavn i dette materialet. Dette var en skikk som først vokste frem i byene og i de øvre sosiale lag, og selv om Aker ikke lå langt fra Kristiania, var det fortsatt på landsbygda, noe som kan forklare den sparsomme bruken av slektsnavn. Ser vi på yrkene til de personene i materialet som bærer slektsnavn, finner vi en skomaker, en ølhandler, en godseier og flere gårdbrukere. Om ikke alle disse kan sies å høre til «de øvre sosiale lag», finner vi i hvert fall ingen innerster eller fattiglemmer i denne gruppen.

Skikken med at kvinner tok sin manns navn når de giftet seg, vokste også frem i byene og hos overklassen. At denne skikken er så lite utbredt i dette materialet, kan igjen forklares med at Aker lå på landsbygda og at det i liten grad finnes folk med høy sosial status i materialet. Ivar Utne mener dessuten at denne skikken kan ha vært mer i bruk enn det som kommer frem i folketellingene, siden en slik navnebruk ikke var pålagt fra det offentlige (Utne 2002: 9).

Fornavn

Jeg vil her i større grad konsentrere meg om de formelle sidene ved fornavnene, enn den «tradisjonelle» inndelingen av fornavn i kristne, tyske, nordiske osv. Hovedgrunnen til dette er at den tradisjonelle inndelingen ofte gjør at navnene overlapper. For eksempel kan navnet *Hans* kan regnes både som tysk og kristent, i tillegg til at det har vært i bruk her i landet så lenge at mange i dag ville tenke på det som et norsk navn. Jeg har derfor valgt å heller se på navnenes lengde og oppbygning, siden disse kriteriene er lettere å dele inn navnene etter, og siden denne inndelingen gir et vel så interessant bilde av navnebruken som den tradisjonelle. Men først vil jeg si litt om andre sider ved fornavnbruken, nemlig oppkalling og dobbeltnavn. Alle opplysninger om fornavnenes opphav og forekomst er hentet fra *Norsk personnamnleksikon*.

Oppkalling

Det tradisjonelle oppkallingsmønsteret i Norge har vært at de to eldste sønnene i en søskenflokk skal kalles opp etter sin farfar og morfar, og at de to eldste jentene skal kalles opp etter farmor og mormor. Flere steder i landet har dette mønsteret vært opprettholdt helt inn på 1900-tallet. I dette materialet ser det derimot ikke ut til å ha vært praktisert så veldig strengt: Jeg finner bare 18

eksempler på at (tilsynelatende) eldste sønn er direkte oppkalt etter sin farfar, og 5–6 eksempler på at (tilsynelatende) nesteldste sønn er direkte oppkalt etter sin morfar. De lave tallene kan komme av at barn har dødd eller flyttet ut (slike tilfeller fremgår ikke av materialet). I noen familier har det heller ikke vært mange nok sønner til å følge oppkallingsmønsteret. Det finnes også eksempler på at besteforeldrene er direkte oppkalt, men ikke i «riktig rekkefølge», slik at første sønn er oppkalt etter morfar og andre sønn etter farfar.

For jentenes del er det dessverre ikke mulig ut fra dette materialet å finne ut om de er oppkalt etter sine bestemødre eller ikke.

Selv om det tradisjonelle oppkallingsmønsteret ser ut til å stå svakt, finner vi flere eksempler på oppkalling på tvers av kjønn og oppkalling med forbokstav(er) (sistnevnte kan være tilfeldig):

- Jens Halvorsen og Inger Kristensens eldste sønn heter Haken
- Vilhelm og Johanne Hansens tredje datter heter Vilhelmine
- Hans Olsen og Anne Hansdatters eldste barn (datter) heter Olava
- Johan Andersen og Marte Hansdatters to eldste barn heter Anne og Hans (og deres barn nummer syv og åtte heter Syverine og Otto!)

Det at bruken av direkte oppkalling er relativt liten, gjør egentlig bare at materialet er mer spennende å jobbe med, siden foreldrene da har hatt andre grunner til å velge navn enn bare å følge tradisjonen. Oppkalling på tvers av kjønn gir også mulighet for nye navnedannelser.

Bruk av flere fornavn

Bruken av flere fornavn i dette materialet er forsvinnende liten, bare ni personer (drøyt 1 %) er ført opp med to fornavn, og ingen er ført opp med flere enn to. Disse ni personene fordeler seg på seks menn og tre kvinner, og i de fleste tilfellene er ikke engang begge navnene skrevet helt ut:

Menn: *C. August, Petter J., Hans Syver, C.M., J.Chr. og Petter S.*

Kvinner: *Karen P., Anne M. og Andrine J.*

Andelen er så liten at man nesten kan lure på om personene som hovedregel bare har blitt ført opp med ett fornavn, selv om de har hatt flere. Andre undersøkelser om bruk av flere fornavn har nemlig langt høyere prosentandeler. Terje Aarset (1982) ramser opp resultatene fra flere undersøkelser rundt om i landet: I Hadsel i Nordland hadde 97 % av mennene dobbeltnavn i 1870-årene, og 99 % av kvinnene hadde dobbeltnavn i 1880–85. I Ulstein var det nesten ingen som bare hadde ett navn rundt 1870. Selv i områdene der dobbeltnavn var lite utbredt, var

andelen høyere enn her: I Ullensvang i Hardanger fikk 5,1 % mer enn ett navn mellom 1820 og 1900, og i Skjåk hadde 2,3 % av mennene og 5,3 % av kvinnene mer enn ett navn på slutten av 1800-tallet. Videre skriver Aarset:

«Det ser ut til at dobbeltnamn kjem først i bruk i kyststrøk i vest og nord, i tettstader tidlegare enn i omlandet omkring. Dobbeltamna kjem først i bruk blant kvinner, og går seinast ut av bruk i kvinnenamn. Dobbeltamn-frekvensen er også jamt over høgast for kvinner» (Aarset 1982a: 89).

Tallene i dette materialet avviker altså sterkt fra dette, både i prosenttall, fordi det her er færrest kvinner med dobbeltnavn, og fordi også dette området vel kan sies å være et kyststrøk.

En indikasjon på at oppskriveren har unnlatt å føre opp dobbeltnavn, finner vi på Bjørnerud gård. Den yngste datteren der i 1865, Matea, var en av de to jentene som ble myrdet på samme gård 28. november 1876. På gravsteinen, som står på Nordstrand kirkegård, er hun kalt Mathea Karoline. Ettersom 1875-folketellingen ikke finnes digitalisert for Aker, har jeg dessverre ikke hatt mulighet til å bruke den for å kontrollere om personene har flere navn som ikke har blitt ført opp i 1865.

Personene som bærer dobbeltnavn, er stort sett gårdbrukere eller deres familiemedlemmer, de er både innfødte og innflyttere, og de bor alle på forskjellige gårder.

Jeg vil i det følgende bare ta hensyn til første fornavn. De fem mennene som bare er ført opp med en forbokstav eller en forkortelse som fornavn, blir ikke regnet med.

Lange og korte navn

Et av kriteriene jeg har brukt for å dele inn navnene, er stavellesantall.

I de få tilfellene der det kan være tvil om et navn har to eller tre stavelser (for eksempel om navnet *Kristian* har blitt uttalt krist-jan eller krist-i-an), har jeg valgt tre. Fordelingen blir da som vist i tabell 1.

Tabell 1: Fornavn delt inn i antall stavelser

	Menn			
Antall	1 stavelse	2 stavelser	3 stavelser	4 stavelser
bærere	95	242	86	5
leksikalske navn	11	55	15	4
	Kvinner			
Antall	1 stavelse	2 stavelser	3 stavelser	4 stavelser
bærere	0	210	177	40
leksikalske navn	0	48	48	18

Det er helt tydelig at lange navn (tre eller fire stavelser) er mest brukt blant kvinnene, mens korte navn (én eller to stavelser) er mest brukt blant menn. En av grunnene til at det er så mange lange navn hos kvinnene i forhold til hos mennene, er at mange har fått navn som er laget av mannsnavn, og som dermed består av et navn + en endelse på en eller to stavelser: *Karoline, Josefine, Kristianna, Syverine, Petronille*. Tendensen til at jenter i større grader enn gutter blir «pyntet» med fine navn, har nok også en del å si. En del av de enstavelses kvinnenavnene som er vanlige i dag, var dessuten ikke i bruk rundt 1865: Gamle nordiske navn som *Björg* og *Siv* ble først tatt i bruk igjen rundt århundredskiftet, *Gry* kom også til på samme tid, mens *Linn* er kjent siden rundt 1940.

Mest brukte navn

Dersom vi slår sammen navn med forskjellig stavemåte, består materialet av 82 forskjellige mannsnavn og 107 forskjellige kvinnenavn. Fordelingen av personer som bærer de mest populære navnene, er ganske lik: Det er 158 menn og 150 kvinner som har et av de fem mest populære navnene for hvert kjønn. De ti mest populære navnene er ført opp i tabell 2.

Tabell 2: Ti-på-topp fornavn

Menn		Kv.	
Plass	Hauketo 1865	Plass	Hauketo 1865
1	Johan (44)	1	Anne (45)
2	Hans (33)	2	Karen (35)
3	Kristian (32)	3	Maren (33)
4	Ole (29)	4	Marie (22)
5	Anton (20)	5	Johan(n)e (15)
6	Karl (18)	6	Ingeborg (14)
7	Johan(n)es (15)	6	Helene (14)
8	Martin (13)	8	Julie (13)
8	Lars (13)	9	Karoline (11)
10	Jens (12)	10	Marte, Josefine, Inger (9)

Jeg har ikke funnet noe landsoversyn fra samme periode som kan brukes for å se om navnebruken på Hauketo skilte seg fra landet for øvrig. Men hvis vi ser på tilgjengelige ti-på-topp-lister fra periodene før og etter på ssb.no, ser vi at det er mange av de samme navnene som går igjen:

Kvinner 1801: *Anne, Karen, Ingeborg* og *Marte* finnes i begge listene

Kvinner 1880: *Anne, Karen, Marie, Johanne, Ingeborg* og *Karoline* finnes i begge listene

Menn 1801: *Hans, Ole, Johannes* og *Lars* finnes i begge listene

Menn 1880: *Johan, Hans, Kristian, Ole, Karl, Martin* og *Lars* finnes i begge listene

Nordiske navn

Selv om jeg innledningsvis sa at jeg ville unngå den tradisjonelle inndelingen av personnavn i kristne, tyske, nordiske osv., vil jeg likevel kaste et blikk på de nordiske navnene for å se i hvor stor grad de finnes i dette materialet. Jeg vil også se om det er mulig å finne noen spor av den nordiske navnerenessansen, det vil si gamle, nordiske navn som ble tatt opp igjen etter inspirasjon fra skjønnlitteraturen og sagaene. Terje Aarset skriver:

Vi veit ikkje visst når utviklinga mot ein norskare namneskikk kom i gang og kvar det skjedde først. Men mykje tyder på at dei nordiske namna først slo gjennom i byane, og omslaget kan iallfall somme stader merkast frå 1840-åra. (Aarset 1982b: 66)

Blant mannsnavnene finner vi 22 nordiske navn, en del av dem i dansk eller dialektal form: *Amund, Arne, Aslak, Einar, Erik, Fritjof, Gudbrand/Gulbrand, Gunder, Haken/Hakon/Haagen, Halvor, Harald, Helle, Holm, Ingeval, Karl, Knud, Ole, Svend, Tollef, Torer, Torsten* og *Torvald*. Disse har tilsammen 95 bærere, det vil si at 22 % av mennene har et nordisk navn. Dessuten finnes det diverse former av *Olav* (ved siden av *Ole*): *Olai, Olaus, Oluf* og *Olavus*.

Blant kvinnenavnene finner vi bare syv nordiske navn: *Helga, Inga, Ingeborg, Inger, Gunild, Ragnild* og *Randi*. De har tilsammen 32 bærere, det vil si at 7,5 % av kvinnene har et slikt navn. Også her finner vi avledninger av nordiske navn, noen av disse via andre former: *Haakine, Olava, Ollette, Torine, Bollette, Gurine, Olia* og *Oline*.

Også i patronymene (hos dem som, så vidt vites, ikke har foreldrene sine i materialet) finner vi en del nordiske navn, også navn som ikke forekommer som fornavn her: *Torger, Vebjørn, Tron(d), Tore, Torbjørn, Elev, Even, Iver, Torkild, Berger* og *Erland*.

Bærerne av de nordiske navnene er spredt over alle aldre, både blant kvinnene og mennene. For eksempel har *Halvor* ni bærere fra 8–66 år, *Karl* har atten bærere fra 2–53 år, *Inger* har ni bærere fra 15–79 år og *Ingeborg* har fjorten bærere fra 12–68 år. Navnene som skiller seg ut i denne sammenheng er *Fritjof*, der de seks bærerne er 3, 4, 5, 8, 11 og 16 år gamle, og *Haken/Hakon* som har fem bærere på henholdsvis 3, 5, 11, 12 og 16 år (i tillegg finner vi den danske formen *Haagen*, som bæres av en mann på 42). Folk med nordiske navn finner vi i alle yrkesgrupper og samfunnslag, både blant tjenestefolk,

arbeidere, gårdbrukere, håndverkere og husmenn, og dessuten hos materialets eneste skipskaptein. Også to av svenskene i materialet har nordiske navn (*Karl* og *Ingeborg*).

De tre mest brukte nordiske mannsnavnene, *Karl*, *Halvor* og *Haken/Hakon/Haagen*, har alle vært i jevn bruk siden middelalderen. Bruken av dem her tyder altså ikke på noen nordisk navnerenessanse, men heller på en lang og vedvarende navnetradisjon. For navnet *Haken/Hakon/Haagen* bør det likevel nevnes at skriftformen *Hakon* ifølge *Norsk personnamleksikon* ble brukt av Oehenschläger og i Jacob Aalls utgave av kongesagaene. Selv om navnet i seg selv hadde vært i jevn bruk, kan altså skrivemåten og alderen på bærerene tyde på litterær påvirkning. Navnet *Fritjof* ble kjent på nytt gjennom Tegnér's «Frithiofs saga» fra 1825, og var ifølge *Norsk personnamleksikon* «vanleg i Oslo-området frå ca 1840». Dette motenavnet har altså også slått igjennom her. Også de tre mest brukte nordiske kvinnenavnene, *Ingeborg*, *Inger* og *Gunild*, har vært i jevn bruk, selv om *Inger* er en yngre form. Navnet *Ingeborg* finnes også i Tegnér's «Frithiofs saga», men har tydeligvis ikke gitt samme utslag i navnebruken som *Fritjof*, ettersom navnebærerene er så spredt i alder. Resten av de nordiske navnene i materialet har vært i jevn bruk, og mange av dem er navn som har vært typiske for Østlandet.

Avledninger

Kvinnenavn avledet av mannsnavn er svært mye brukt. Denne navngivingsmåten ble populær utover 1700-tallet og særlig på 1800-tallet (Stemshaug 1982: 30). Materialet inneholder 31 slike navn med tilsammen 94 bærere, det vil si at 22 % av kvinnene bærer slike navn. Det er stor variasjon i hvilke endelser som er brukt: *-ine*, *-ette*, *-ie/-ia*, *-ikke*, *-a*, *-an(n)a* og *-(n)ille*. To navn er også avledet av andre kvinnenavn, nemlig *Gurine* og *Bollette*. Med unntak av *Josef* og *Matteus*, finnes alle mannsnavnene som avledningene er laget til, i materialet. Dette kunne tyde på at disse navnene for en stor del er blitt gitt på grunn av oppkalling, og det viser seg også at 18 av kvinnene som bærer slike navn, har en far eller bestefar med det tilsvarende mannsnavnet.

Også blant mannsnavnene finnes det noen avledninger, men disse er få. Alle har endelsen *-(i)us* og har samme form som opprinnelig latinske navn. *Emilius* er avledet av *Emilie (Emelie)*, *Hildus* av navn på *Hild-*, *Olaus* og *Olavus* er latinske former av *Olav*, mens *Martinius*, *Julius*, *Marius*, *Magnus*, *Kornelius* og *Sofus* er opprinnelige latinske navn.

Kortformer/kjæleformer

Kortformnavnene er det også mange av blant kvinnenavnene. Noen av dem er gamle navn som har vært i bruk siden middelalderen, for eksempel *Hilda* og

Inga, mens andre er nyere kjæleformer, for eksempel *Kaja*, *Gina* og *Thea*. Det er 26 slike navn i materialet med tilsammen 50 bærere, det vil si at 12 % av kvinnene bærer slike navn. En god del av disse navnene er laget av den typen avledningsnavn som ble omtalt i forrige avsnitt, for eksempel *Gusta* av *Augusta*, *Netta* av navn som *Antonetta* og *Jonetta*, og *Mina* av *Vilhelmina*. Dette kan tyde på at avledningsnavnene ble oppfattet som lange og kronglete, og da er det jo interessant at disse to navnetypene lever side om side.

Blant mannsnavnene er det få slike kortformer, bare *Arne*, som er en gammel kortform av navn på *Arn-*, og *Sander* av *Aleksander*. De har én bærer hver. Som vi så ovenfor, er det mye større bruk av korte navn blant mennene enn blant kvinnene, men dette skyldes stort sett de nordiske formene av kristne navn, som har blitt «slitt ned» og forkortet gjennom mange hundre års bruk, for eksempel *Paul*, *Nils*, *Jens* og *Lars*.

Navnebruk i mindre grupper

Innledningsvis skrev jeg at jeg ville trekke ut mindre grupper av personer fra materialet og se nærmere på navnebruken hos dem. Jeg vil trekke ut den lille gruppen svenske innvandrere, og deretter den større gruppen personer som er født i Aker, og se om disse skiller seg fra hele materialet sett under ett.

Gruppen personer som er født i Sverige består av 19 menn og 12 kvinner. De er i alderen 3–54 år, og de fleste er tjenestefolk og arbeidere. 26 av personene (84 %) har et patronym som etternavn, mens tallet for hele materialet var 94 %.

Tabell 3: De ti vanligste navnene blant folk født i Aker, sammenlignet med hele materialet

Menn				Kv.			
Plass	Hele materialet	Pl.	Aker	Plass	Hele materialet	Pl.	Aker
1	Johan (44)	1	Johan (28)	1	Anne (45)	1	Maren (22)
2	Hans (33)	2	Kristian (23)	2	Karen (35)	2	Anne (17)
3	Kristian (32)	3	Hans (18)	3	Maren (33)	3	Karen (13)
4	Ole (29)	4	Anton (13)	4	Marie (22)	4	Karoline (10)
5	Anton (20)	5	Karl (10)	5	Johan(n)e (15)	5	Julie (7)
6	Karl (18)	5	Martin (10)	6	Ingeborg (14)	6	Ingeborg (6)
7	Johan(n)es (15)	7	Jens (8)	6	Helene (14)	6	Josefine (6)
8	Martin (13)	8	Ole (7)	8	Julie (13)	8	Marie, Helene, Marte, Sofie, Allette, Andrine (5)
8	Lars (13)	8	Lars (7)	9	Karoline (11)		
10	Jens (12)	10	Johan(n)es (6)	10	Marte, Josefine, Inger (9)		

Personnavnbruken er også ganske lik den i hele materialet sett under ett, med unntak av at navnet *Anders* er forholdsvis mye brukt (fem bærere) blant svenskene, og at ingen av kvinnene har avledningsnavn. Bruken av lange navn hos kvinnene er også liten, det er ingen som har navn med fire stavelser, og bare fire som har navn med tre stavelser.

Gruppen personer som er født i Aker, består av 244 (55 %) menn og 201 (45 %) kvinner. 423 (95 %) har et patronym som etternavn. De fornavnene som er mest brukt i hele materialet sett under ett, er stort sett de samme som er mest brukt i Aker, selv om plasseringene er litt annerledes (se tabell 3).

Navnene *Fritjof* og *Andrine* finner vi bare blant dem som er født i Aker. I Aker har 24 % av kvinnene et avledet navn, mot 22 % i hele materialet, og tilsvarende tall for kortformnavnene er 14 % og 12 %. Av mennene har 19 % nordiske navn (22 % i hele materialet), mens for kvinnene er tallene 6,5 % (7,5 %). Bortsett fra bruken av noen enkeltnavn stemmer altså denne gruppen godt overens med hele materialet.

Oppsummering fornavn

Det mest overraskende funnet i denne artikkelen er den sparsomme bruken av dobbeltnavn, men som jeg nevnte ovenfor, kan dette komme av at folk som hovedregel har blitt ført inn med bare ett fornavn. Den nordiske navnerenesansen viser seg bare så smått i dette materialet, men den slo da heller ikke inn med full tyngde før mot slutten av 1800-tallet. Det tradisjonelle oppkallingsmønsteret ser ut til å stå relativt svakt, men dette kan skyldes at Aker tilhører et sentralt strøk av landet, der denne skikken ikke holdt seg fullt så godt som i de mer avsidesliggende innlandsbygdene.

Litteratur:

Folketellingen fra 1865 på <http://arkivverket.no/Digitalarkivet>

Kruken, Kristoffer og Ola Stemshaug 2013: *Norsk personnamleksikon*, 3. utg. ved Kristoffer Kruken. Oslo.

Nedreliid, Gudlaug 1998: «*Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad*» - *Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801*, bind 1, Kristiansand.

Sannrud, Astrid Weel 1993: *Etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre*, Universitetet i Oslo.

Sannrud, Astrid Weel 1995: «Trekking ved utviklingen av etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre», I: Kristoffer Kruken (red.): *NORNA-rapporter 58*. Uppsala.

Statistisk sentralbyrås Internettssider: ssb.no

Stemshaug, Ola 1982: «Namngjeving og namnebruk», i Ola Stemshaug (red.): *Norsk personnamleksikon*, Oslo.

- Utne, Ivar 2002: «Gifte kvinners etternavn, slektsnavn og mellomnavn», i Jo Rune Ugulen og Are S. Gustavsen (red.): *Genealogen. Medlemsblad for Norsk Slektshistorisk Forening* nr. 2/2002.
- Veka, Olav 2000: *Norsk etternavnleksikon*, Oslo 2000.
- Aarset, Terje 1982a: «Dobbelnavn», i Ola Stemshaug (red.): *Norsk personnavnleksikon*, Oslo.
- Aarset, Terje 1982b: «Frå den nordiske namnerenessansen til i dag», i Ola Stemshaug (red.): *Norsk personnavnleksikon*, Oslo.

Frå ryphøa til shit creek Ordspel på stadnamn

Av Tor Erik Jenstad

*This article takes as its starting point some Norwegian dialectal expressions which show place-name structure on the surface, but turn out to have appellative content. An example is “åt ryphø’n” (with the preposition åt ‘to’ plus a noun in the dative case). This looks like containing a mountain name *Ryphøa. The element hø is found in many names in Mid-Norway, meaning roughly ‘rounded mountain peak’. But “ryphøa” in this expression means ‘grouse mountain region’ more generally, used when talking about hunting.*

Some similar expressions are discussed, and it is found that they are mainly used in connection with some kind of resource utilization.

Most of these expressions also have a somewhat slangy stylistic value, and they are here tentatively labelled “word play on place-names”. A connection with similar Danish expressions is established, and finally a parallel is drawn to English slang expressions like “(up) shit creek” and “arsehole street”.

Slang is known to challenge borders in language. Here the limit between proper nouns and appellatives is being pushed.

Åt ryphø’n

Når det dreg seg mot rypejakttid, er eit typisk spørsmål sunndalingar kan stille til kvarandre: «-Ska du åt ryphø’n?» Ved første augekast ser jo dette ut som eit fjellnamn samansett med grunnordet *hø*, som det finst så mange av i dette området, og her i dativform på grunn av preposisjonen *åt*. Men å leite etter eit namn Ryphøa e l på kartet, er fåfengt.

For dette er ikkje noko stadnamn i det heile, og derfor har eg også brukt liten bokstav i setningsdømet. Det er eit fast uttrykk som tyder rypelende eller rypefjell i det heile, og viser ikkje til eit bestemt fjell (Jenstad 2007: 225; jf òg Norsk Ordbok IX: 625). Når ein skal «åt ryp'hø'n», skal ein altså rett og slett til fjells på rypejakt. Ein tilsvarande seiemåte er elles kjent i Folldal: «Han kjøm frå rup'hø'n» (Ryen 2012:200).

Vi har her eit døme på eit ord som ytre sett oppfører seg som eit stadnamn gjer i setningar som «skal du til Oslo?», eller for den del «i ska heim åt Sønndala» ('eg skal heim til Sunndal'). I denne artikkelen skal vi sjå på nokre fleire døme på liknande uttrykksmåtar. Etter det eg kan finne ut, er det lite omtalt i faglitteraturen. Eg har sjølv teke opp fenomenet i ein liten artikkel (Jenstad 2008), og elles finst det litt om emnet i Bom 1948 (sjå nedanfor). Det er ikkje gjort noka systematisk innsamling, berre spreidde funn først og fremst gjennom arbeidet med Norsk Ordbok, og noko tilfang frå utanlandske slangordbøker til jamføring.

Eit par andre «høer»

Først kan vi ta turen frå Sunndal til grannebygda Oppdal og forfattere Ola Setrom. Ein stad ordlegg han seg slik: «Det er ofte hardt for meg å få sova natta før eg skal i reinshøa første dagen om hausten» (i Herby (red.) 1946: 8, opphavelg i avisa «Nordmøringen» 6.3.1941). Vi har ikkje å gjera med eit fjellnamn Reinshøa, det er lendet der reinsjakta går for seg. Setrom er medviten om dette og nyttar liten bokstav, som vi ser. Uttrykket er elles ikkje registrert i det elles så godt leksikalsk dokumenterte oppdalsmålet, og heller ikkje i andre kjelder. Men det er heilt parallelt til dømet frå Sunndal ovanfor.

Her kjem enda ein parallell, frå eit kultur- og dialektområde som står Sunndal og Oppdal nært: I Folldalen og Nord-Gudbrandsdalen var det eit årvisst arbeid før i tida å dra «åt måsåhø'n» – til fjellet for å sanke reinlav («reinsmose») til fôr. Denne onna i «måsåhø'n» eller i «måsåhøom» (Lyftingsmo 1948: 257; jf. NO VII: 1598). Og igjen – dette er ingen bestemt stad som heiter Måsåhøa, men mosefjellet, området der ein sankar mose, reint allment.

Desse seiemåtane med -hø(a) må ein rekne med har oppstått fordi (eller i alle høve er styrkt av) at *hø* er eit så utbreidd grunnord i fjellnamn i dette området. Det syner at onomastikonet kan påverke det appellative ordtilfanget.

Ressursutnytting

Både *rypehø*, *reinshø* og *mosehø* syner til utnytting av ein ressurstilgang. I somme trønderdialektar, særleg langs kysten, finst nokre samansetningar med *-haugen* eller *-haugan* som også står for terreng i samband med ei eller anna form for ressursutnytting. Trekket finst dessutan på Helgeland. Desse orda har også stadnamnliknande struktur utan å vera eigentlege stadnamn:

Bærhaugen eller *bærhaugan* er bærmarka eller bærskogen.

Gjætslehaugen (jehlt-) er marka, terrenget der ein gjæter krøtera (Tingvoll, Vikna; sjå også Magnhild Haalke: Rød haust, s. 116).

Hjorthaugan er hjortejaktterrenget (Hitra).

Langhaugan er utmark, beitemark langt frå garden (Hitra). Kyrne kunne finne på å «ta på langhaugan».

Sauhaugen er beiteområde for sau (Namdalseid).

Torvhaugen er området der ein tek torv.

Tømmerhaugen er tømmerkogen (Namdalseid).

Vedhaugen er vedskogen (Namdalseid).

På Sunnmøre finst nokre samansetningar med *-vika* som fungerer på same måten. Det gjeld ikkje bestemte fiskeplassar på sjøen, men kva slags fisk ein er ute etter: «hysevika», «seivika», «dei e på krøppongsvikjinne» (Ulla 1999: 29; for det siste ordet sjå òg t.d. Barman 1927: 23). «Krøppong» er *krøppung* ‘småtorsk’. Desse har parallellar i dei meir utbreidde uttrykksmåtane «vera på seisjøen, uerssjøen» m.m.

Limrisbygda om dei øvste grendene opp mot fjellet (nytta somme stader i Gauldalen; eigne opplysningar frå Budalen) syner nok også til ressursutnytting, men dette har nok ein meir nedsetjande klang. Det ligg ein insinuasjon om at skogen i desse område ikkje er brukande til anna enn soplimevyrke.

Over i slangen

Dei døma som er presenterte så langt, er vel ganske nøytrale stilistisk sett, men kanskje med eit visst preg av sjargong. Andre liknande uttrykk er gjerne meir spøkefulle eller tydeleg slangprega.

I Rana finst ein seiemåte «han e kje kommen over tasabekken» - han har hittil drive berre med skøy, men får snart vita av anna (oppskrift frå Storforshei av Hallfrid Christiansen 1947 i setelarkivet til Norsk Ordbok; jf òg Jacobsen 1993: 67). *Tasa* v tyder ‘(stor)skratte’ i dette området, så «tasabekken» blir det abstrakte omgrepet for grensa der noko tek til å bli alvorleg eller vanskeleg (Norsk Ordbok XI, i trykk).

Somme uttrykk syner til kroppsdelar. «Å gange grautebakken» handlar om små ungar som prøver å «föte» seg oppetter bringa på mora (Nissedal, Solheim 1985: 6). Frå mi eiga heimbygd, Sunndalen, har eg notert *rauvskørudalen* om rauvskora, kløfta mellom rumpeballane, i setningskontekstar som «han arbeidd så sveittin rann ette rauvskørudala» (jf. Jenstad 2007: 217).

Det skjemtsame og slangprega er også tydeleg når vi løftar blikket vidare utover i språket. Velkjent er *blåmyra* om havet; eit uttrykk som må ha oppstått

mellom sjøfolk. *Fylleholmen* er belagt i ordsamlingar heilt tilbake til 1700-talet. Det kan tyde ein stad der folk kjem saman for å drikke, men også eit slaraffenland. Å *fara til Fylleholmen* er å gå til eit drikkelag (Norsk Ordbok III: 1118). Lagingsmåten minner om reality-serien *Tjukkkholmen*, som gjekk på TV Norge hausten 2004, der deltakarane konkurrerte om å gå mest mogleg ned i vekt framfor kamera. Kva som karakteriserer *kommandanten på Fjertholmen*, er det neppe nødvendig å forklare nærare.

Frå norsk slang (og ikkje minst frå teikneserien Donald Duck) kjenner vi også *Langtvekkistan* om eitt eller anna land langt borte, om fjerne strok. Sjølv sagt er dette laga etter mønster av namn på verkelege land som Afghanistan. I dansk finst *Idyllistan* om eit idyllisk land som ikkje eksisterer, eit utopia eller eldorado (Anker Møller og Jørgensen 1997: 167).

Ordspel på eksisterande stadnamn

Stundom har vi å gjera med ein litt annan type, som vi forsøksvis kan kalle ordspel på eksisterande stadnamn. Med tilvising til Bangdalen i Nord-Trøndelag kan det heite om ein uredde person at han «er ikkje fødd i Bangdalen» (t.d. Steen 1981: 54). Om eit ekstra pysete menneske kan det bli sagt at han/ho er «fødd i Bangdalen og navla med ulltråd!

«Ongann va på Lonåsen» er eit uttrykk frå Oppdal (Donali 2007: 271), brukt når ungane var range og i dårleg humør. I setelarkivet til Norsk Ordbok er ein variant frå Oppdal: «Bar det på Lonåsen?» med tyding 'vart du sur'? Lonåsen er ein stad som faktisk finst, på Tynset.

Til denne kategorien høyrer også Reykjavik om stad der det er lov til å røyke (røykerom, røykekrok) og Roterud om roterom, verktyrom, der gitar og menn kan rote så mykje dei vil (om dette siste sjå t.d. Runar Døving i Dokk Holm og Meyer 2001: 157). Nær dette står også seiemåtar som *å ha besøk frå Hønefoss* eller *Raufoss* om å ha menstruasjon (Tryti 2008: 165 og 208), og *å setje pengar i Drammens Sparebank* om å ta seg ein tår.

Døme frå dansk

I dansk er det flust med døme på liknande seiemåtar, både til reelle og oppdikta stadnamn. Det som her blir lagt fram, er henta frå Bom 1948 eller Anker-Møller og Jørgensen 1997. Også her møter vi stadnamnrelaterte uttrykk for menstruasjonen, som *at have gæster fra Rødby* eller *besøg (af tante) fra Rødovre*. Sveitte under armane er *morgendug* eller *oversvømmelse i Ermelunden*. Å gå og leggje seg og sova er *at gå til Sovstrup, Slumstrup, Gåskær* eller *Fjerholm*. Nær dette siste står svensk *att resa till Fjäderholmarna*. Det er vel tenkt på dundyna som ein kan krype under.

Dansk synest spesielt rikt på slike talemåtar: Eit svært flatt smørbrød kan

bli kalla *Amager Landevej*. Ein landstrykar blir sagt å vera frå *Flakkebjerg*. Når noko blir kokt, går det *til Gryderup*, og ein som er toskete, er fødd i *Fjanterturup* eller *Fjollerup*. Når nokon hadde gjort seg fortent til å smaka bjørkeriset, heiter det at vedkommande skulle *giftes med birkefogdens datter fra Ballerup*. Å hengje ut bleike folk ser det ut til at danskane har hatt stor fantasi med. Slike kan *have været turist i Hvide Sande, have badet i Blegdams søen* eller *have solet sig på Blegdamsvej*. Og når det er utsikt under kjolen til ei jente, er det *udsigt til Bagsværd (via Ballerup)*! Ein dansk måte å seie skål på, er *afgang til Hals!* (Hals er ein liten by ved Limfjorden).

Små, fattige, karrige stader får ofte ironisk-prangande namn av herregårdstypen, med ending *-borg*, som *Hungerborg* og *Sultenborg* om stader med dårleg matstell. *Blæsenborg* om opne, forblåсне stader er belagt tilbake til 1600-talet. Ein mann med stor nase blir *grev Horn af Snottenborg*. Gater med dårleg bruklegging kan bli kalla *Benbrækkerstræde* eller *Benbrækkergade*, og «et forsumpet provinshul» kan bli stempla som *Snolderød* eller *Pærekøbing*.

I same gata, eller stilen, er det når fengselet blir omtalt som *Hotel Billigheden*, *Hotel Gratis* eller *Hotel Gitterly*, eit bordell blir *Villa Duskely* og toalettet *Hotel Rosenduft*.

Døme frå britisk/amerikansk slang

La oss heilt mot slutten ta med oss eit par smakebitar frå engelsk og amerikansk slang, der vi også møter vi denne måten å skapa ord og uttrykk på. T.d. er det etter mønster av namn på *-ville* oppstått ein del uttrykk der dette leddet ikkje står for ein stad, men snarare ein tilstand eller eit tilhøve: «from that night on it was lonesomville for me» (Hudson 1983:188f.).

I britisk slang har ein nemninga *arsehole street*, forklart som «an unpleasant place to be; serious trouble» (Dalzell og Victor 2006: 44). Ein kan vera *in* eller *up arsehole street*. Stort likare er det ikkje å vera *up shit creek*, eventuelt *up shit creek without a paddle*, eller *up shit creek in a barbed wire canoe* (op.cit: 1721). Da er ein verkeleg i stortrøbbel!

Sluttord

Vegen kan synast lang frå *ryphøa* til *shit creek*. Men begge endepunkta for denne rusleturen gjennom nokre av språkets avkrokar er døme på ein type folkeleg ordlaging vi i første omgang kan kalle ordspel på stadnamn, og som altså viser seg å vera internasjonal. I denne omgangen har eg først og fremst presentert ei nokså tilfeldig samanraska dømesamling utan særleg overordna drøfting. Eit første spadestik i overflata, om ein vil. Men om dette sjølvsgt er eit randfenomen, er vi i alle fall ved eit berøringspunkt mellom onomastikonet og det mentale leksikonet, og vi har ved samansetningane med *-høa* sett

at stadnamntilfanget kan vera med og styre utviklinga av appellativt ordforråd.

Det meste av materialet som er lagt fram, er slangprega, som vi har sett. Slangdanningar syner kreativitet og leik med språket, og eit kjenneteikn for slangen er at den tøyser grenser. Det kan vera grensene for det sømelege, men også for kategoriar i språkssystemet, gjennom t.d. å utfordre grensene for korleis ordklassar kan oppføre seg («han er heilt Nils», «å spela Johan»). Her har vi sett døme på at det er grensene mellom proprium og appellativ som blir sett på prøve.

Litteratur:

- Anker-Møller, Søren og Stray Jørgensen, Peter 1997: *Politikens Slangordbog, 5. udgave*. Århus.
- Barman, Ole 1927: *Han Kristafor-Knut og andre karar*. Oslo.
- Bom, Kaj 1948: *Slang – argot – jargon. Steftog på det gemytlige sprogs område*. København.
- Dalzell, Tony og Victor, Terry 2006: *The New Partridge Dictionary of Slang and Unconventional English I–II*. London and New York.
- Dokk Holm, Erling og Meyer, Siri (red.) 2001: *Varene tar makten*. Oslo.
- Donali, Ingeborg 2007: *Oppdaling*. Ord og uttrykk. Oppdal.
- Hallaråker, Peter 1997. *Innføring i stadnamngransking*. Oslo.
- Herby, Leif (red.) 1946. *Trønderkveld*. Trondheim.
- Hudson, Kenneth 1983: *A Dictionary of the Teenage Revolution and its Aftermath*. London.
- Jacobsen, Tor 1993: *Ke de skafi? Ranværingssord og -historier*. Mosjøen.
- Jenstad, Tor Erik 2007: *Sunnaldsord*. Trondheim.
- Jenstad, Tor Erik 2008: Frå ryphø til Shit Creek. Ord forkledd som stadnamn. I: *Leikvin* (årsskrift for Sunndal Museums slag), s. 8–10
- Lyftingsmo, Erling 1948: Måsåtaking. I: *Syn og Segn*, s. 255–261.
- Norsk Ordbok 1966–: *Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftspråket*. Oslo.
- Ryen, Jon Olav 2012: *Oss må tåla meir um detta. Ordbok for dialektane i Follidal*. Follidal.
- Solheim, Torkjell 1985: *Ord, uttrykk og ordtak frå Nissedal*. Nissedal.
- Steen, Asbjørn 1981: *Leksvik bygdabok*. Kulturbind I. Leksvik.
- Tryti, Tone 2008: *Norsk slangordbok*. Oslo.
- Ulla, Per 1999: *Gamle ord og uttrykk frå Haram*. Haramsøy.

Skipsýsla

Av Jan Ragnar Hagland

The present contribution discusses the terms of skipsýsla and skipreiða used for a certain administrative unit in the Norwegian provincial laws of the Frostathing and the Gulathing respectively. Were these terms dialect variants or were they synonyms used more or less in free variation, it is asked. Other sources, such as charters and cadastres suggest that the term of skipreiða was prevalent also in the Frostathing area, at least as from the early 1300s onwards. And variation between skipsýsla and skipreiða exists to a degree also in manuscripts containing the provincial law of the Frostathing. It is, in consequence, proposed here that rather than being a dialect variant or semantic cognate to skipreiða the term of skipsýsla should be conceived of as a technical term used within the legal sphere of language.

I mellomalderens territoriale inndeling finst, som nokså allment kjent er, nemninga *skipreiða* f på ei administrativ eining, først og fremst i militær samanheng. Nøyaktig kor gammal denne inndeling er, veit vi ikkje så sikkert. Ordet er i alle fall tidlegast kjent frå Gulatingslova (G –jf. KLN M 15, sp. 546). Den leksikalske definisjonen av omgrepet, samansett av *skip* n + *reiða* f, er gjennomsliktig nok: «Distrikt hvis Bønder tilsammen have at holde og udruste et Ledingseskib», slik Fritzn er formulerer det i si ordbok (Fritzner 1883–1896). I utgangspunktet må det usamansette *reiða* f her ha vist til handlinga å utreida eller utstyra noko (jf. NgL V, 510) slik at det administrative og etterkvart territoriale innhaldet i samansetjinga med *skip* n må oppfattast som ei vidare utvikling.

Denne termen *skipreiða* kan synast å ha hatt ordgeografisk variasjon i det gamle språket, på det viset at Frostatingslova (F) nyttar nemninga *skipsýsla* for same fenomenet. Det er denne variasjonen vi skal freista setja søkelys på i det følgjande. I ordbøkene er det ikkje gjort noko poeng ut av dette tilhøvet. I den grad ordet

skip-sýsla f er oppført, er det berre som «= *skipreiða*». Det er for så vidt greitt nok så lenge det berre er tale om den leksikalske tydinga. Ordet *skipsýsla* f må vera samansett av *skip* n + *sýsla* f, det siste leddet då i ei tyding som må ha lege tett på verbet *sýsla* «besørge noget, sørge for at noget kan blive gjort, istandbragt» (Fritzner). Det usamansette *sýsla* f vart elles tidvis brukt i administrativ og rettsleg samanheng «særlig den eldre, som betegnelse både på lendmannens, årmannens, biskopens og prestens virkefelt», seier Per Sveaas Andersen (KLN 17, sp. 646). Dette, meiner han, talar for at «det er sannsynlig at *sýsla* ble nyttet allerede på 900- og 1000-tallet som navn på det *ombud* og den *virksomhet* kongen tildelte de av sine menn som hadde særoppdrag» (loc. cit.). Han viser i den samanheng m. a. til G, der det i kap. 3 heiter slik: ...*þa scal þat reiða armaðr konongs æða Lendr maðr. hværr i sinni sýslu...*¹ [«...då skal kongsårmannen eller lendmannen leggja ut, kvar i si sýsle...»²]. I kap. 30 heiter det elles slik om «udådsmenn»: *En þeir ivir soknar menn er þar eigu sýslur bæðe af konongs hende oc biscops. Þa late gellða þa baðer* [«Dei styringsmenn som har sýslor der, både av kongen og av biskopen, skal la dei baa skjera»]. Utan at vi her treng ta stilling til Sveaas Andersens oppfatningar, viser dette klårt nok at nemninga *sýsla* f tidleg har hatt eit etablert innhald i administrativ samanheng. Det kan då synast rimeleg å sjå samansetjinga *skipsýsla* f som ei alternativ nemning til *skipreiða* f etter at leidangen var etablert. Det vil seia etter at organiseringa av kor mange skip som skulle utreidast frå kvart fylke var fastsett – slik vi har ei framstilling av det i G 315: *Hvessu morg skip or hveriu fylki*. I så måte må nemninga *skipsýsla* sjåast som yngre enn *skipreiða*, slik det bevarte kjeldetilfanget òg skulle tilseia. Viktig i så måte er òg det P. A. Munch (1849: 8) peikar på, nemleg at «Fylke-Inndelingen blev i den sidste Tid af Norges Uafhængighedsperiode i flere Egne næsten fortrængt af Inddelingen i Sysler (*sýslur*) eller kongelige Bestyrelses- og Skatteoppebørsels-Districter. En Tidlang gaves det ej bestemte Grændser for Syslerne, men enhver Sysselmand fik ved Udnævnelsen Grændserne for sit District opgivne; siden blev Grændserne stadigere, fornemmelig i den nordligste og sydligste Deel.» Dette inneber ein (etter måten ung) bruk av nemninga *sýsla* som må vera parallell med den i andre samansetjingslekken av Frostatingslovas *skipsýsla*. Det må òg visast til at Edvard Bull, utan å gå nøye inn på det språklege, har «en mistanke om at skipsýsla og skipreiða ikke er akkurat det same, og om at forholdene i Gulatingslagen og Frostatingslagen på dette punkt er meget forskjellige» (Bull 1920: 11). Utan å gå nærare inn på korleis den administrative ordninga var i dei to lovområda, skal vi i det følgjande freista sjå litt på kva kjeldematerialet har å seia om den språklege variasjonen vi her har teke opp.

1) Sitat frå G er tekne frå utgåva til Eithun et al. 1994.

2) Omsetjingar er gjevne frå Robberstad 1969 [1937].

Samansetjinga *skipsýsla* kan i alle fall sjá ut til á ha vore geografisk avgrensa til Frostatingslovas nedslagsfelt³. I F er, som ordbøkene delvis viser til, nemninga nytta í alt fem gonger – ein gong í ein av kristendomsbolkan (F III: 19) og fire gonger í leidangsbolken (tre g. í F VII: 2 og ein gong í F VII: 11). I F III: 19 heiter det dá slik:

Um uæga bœtr

Þann dagh er nestr er alyrkr firir Jons uaku eptan þa skolu aller uigir mænn vægo bæta huær í sinu fylki þar sem mest er þorf at í huærri *skipsyslu*.⁴

[Den næraste fulle vyrkedagen før jonsokaftan skal alle våpenføre menn, kvar í sitt fylke, vøla vegar der det mest trengst í kvar skipreide]⁵

Her er, som vi ser, nemninga *skipsýsla* nytta allment om ei territorial eining utan nærare definisjon og utan spesifikk referanse til leidangssystemet. Dette gjeld ikkje berre for Frostatingslova, for í Gulatingslova og Landslova er termen *skipreiða* nytta på same måte (jf. NgL V: 575).

Men í eit varianthandskrift av F med tekststaden ovanfor er ordet *skipræiða* nytta og ikkje *skipsýsla*. Det er í handskriftet Sth. perg. 35, 4to b (før C 22 qv) frá tida ca. 1320–1350 (jf. Seip 1955: 232). Denne delen av F er elles teken inn í erkebiskop Jons kristenrett, kap. 59 (NgL II: 382). Hovudteksten med denne, AM 65a, 4to er frá tida 1320–1350 (jf. Seip 1955: 232). Dette handskriftet held på nemninga í F, og sitatet ovanfor endar her slik: ...þar sem mest er þorf att í huærri *skippsyslu*. Í to seinare avskrifter av same lov (Kgl. Bibl. Perg. Cod. 1154, fol. og Cod. 3669, 8vo frá midten av 1400-talet og slutten av 1500-talet) er forma *skipsyslu* likevel bytt ut med *skipræiða*.

Vidare er altså nemninga *skipsýsla* nytta tre gonger í F VII: 2, í følgjande tekstsekvensar:

...þá er at þeirri stefnu er comit er reiða scal. þá sculo þeir giallda er eptir sitia í þeirri *scipsýslo*. En ef einn hverr ferr á braut. þá scal hann ecki gera aprt á bak ser. En hinn er í kemr *scipsyslo* þá fyrir þá stefno. þá scal sa giallda er kemr...

[...når dei då er komne til det stemnet der skal greiast ut, då skal dei òg greia ut som vert sitjande att í skipreida. Om einkvan dreg bort, då skal han ikkje

3) Hagland (2008, 351) gir feilaktig *skipasýsla* for nemninga *skipsýsla*.

4) Tekst frá F er her og í det følgjande sitert etter NgL I.

5) Omsetjingar frá F er tekne frá Hagland og Sandnes 1994.

leggja oppgjer etter seg. Men den som kjem til skipreida før stemnet, han skal betala...]

Og endeleg heiter det slik mot slutten av F VII: 11 om kven som skal gjera leidang:

En i þeirri *scipsýslo* scal telia þá er þar fara sem þeir ero fœdder. oc varði siálfir gerð fyrir sic. en konungr láte sœkia þá er þeir órœkiaz.

[Og dei som fer dit, skal teljast i den skipreida der dei er fødde, og kvar skal ha ansvar for si utgreisle, og kongen skal lata dei saksøkja som forsømmer seg.]

Det viser seg såleis at teksten i F konsekvent må ha nytta nemninga *skipsýsla*, og det går klårt nok fram at omgrepet kan visa til eit definert geografisk område. Teksten vi har overlevert, er bevart i avskrifter frå eldre nytid av den no tapte Codex Resenianus (CR) frå 1260-talet (jf. Hagland og Sandnes 1994: XXXIII–XLII). Avskriftene viser eintydig at CR har gjennomført termen *skipsýsla* i samanhengar der manuskript med andre lover enn F nyttar *skipreiða*.

Handskriftet AM 65, 4to med erkebiskop Jóns landsgyldige kristenrett har mange søraustnorske målmerke og er, etter Seip (1955: 232) «visstnok fra Tønsberg». Kap. 59 i denne kristenretten har altså kopiert direkte frå ein av kristendomsbolkanen i F (F III: 19) og har, som vi alt har sett, ikkje endra på termen *skipsýsla*. Det er eit argument for at *skipsýsla* og *skipreiða* har vore oppfatta som synonyme i første halvdel av 1300-talet kringom i landet. Det at eit par relativt unge hss. endrar til *skipreiða*, tyder helst på at *skipsýsla* etter kvart har vorte mindre kjend som nemning og kanskje ikkje så godt skjøna heller. I denne samanhengen er det likevel grunn til å festa seg ved at handskriftet Sth 35b, 4to, som er om lag samtidig med AM 65, 4to og med «østl. språkform» (Seip loc. cit.), endrar *skipsýsla* i F (CR) til *skipreiða*. I varianthandskriftet Sth 35b, 4to er ordet i F greitt nok forstått, men det allment norske *skipreiða* er altså føretrekt. Det kan i sin tur vera eit argument for at nemninga *skipsýsla* har vore forstått, men oppfatta som ordgeografisk markert og ikkje allgjengt.

Eit spørsmål vi då må kunna stilla, er korleis språkbruken har vore i det trønderiske målområdet frå midten av 1300-talet og framover – altså i den delen av norsk der nemninga *skipsýsla* synest å ha vore i bruk og i den perioden vi ser at handskriftsmaterialet allment sett tek til å vakla mellom *skipsýsla* og *skipreiða* og helst føretrekkja det siste.

Det vi har av kjeldetilfang til å kasta lys over dette problemet, viser i det store og heile ikkje spor av nemninga *skipsýsla* i trønderisk samanheng. I diplommaterialet frå 1300-talet til ut på 1400-talet er berre nemninga *skipreiða* å finna, og då alltid

i namnetilfanget. I seks diplom frå Trøndelag (i hovudsak skrivne i Nidaros, jf. Hagland 2008, 268) er det i brev frå 1342 til 1414 i alt 10 belegg på at nemninga *skipræidals/skipreida* er nytta. Desse belegg dekkjer administrative område frå Verdalen i nord til Nordmøre i sør, slik:

- j* *Haug skipreidhu j Veradale* [DN II: 632, 16.02. 1414]
- j* *Ofuanmyre skipreidhu j Veradale* [ibid.]
- i* *Stioradals fylke j Æyia skipræidu* [DN IV: 495, 14.03. 1370]
- j* *Leina skipreidu j Gauladals fylki* [DN II: 362, 04.03.1361]
- a* *Frøy j Hitrar skipræidu* [DN II: 356, 11.12. 1359]
- or* *Vlfsueri er ok liggr j Hitrar skipræidu* [ibid.]
- a* *Nordmære j Aura skipreidu* (2 g.) [DN II: 248, 09.04/05. 1342]
- a* *Nordmære j Haulsynia skipreidu* [ibid.]
- j* *Tagyllum er ligr (j) Þinguallar skipreidu* [DN III: 469, 17.06. 1386]

Vidare finn vi i hovuddelen av Aslak Bolts jordebok, truleg reinskriven 1432/33 (jf. Jørgensen 1997: XII) jamleg nemninga *skipreidha* mellom oppførte områdenamn frå Inn-Trøndelag til og med Nordmøre: i *Øyna fylki* (5 g.), *Sparbo fylki* (7 g.), *Weradals fylki* (5 g.), *Skøna fylki* (4 g.), *Stioradals fylki* (6 g.), *Gauladals fylki* (6 g.), *Orkadals fylki* (1 g.) og i *Nordmøra fylki* (12 g.), i alt 46 g. Det gjeld fleire av namna frå diplomtilfanget og mange i tillegg som ikkje treng listast særskilt opp her (jf. op. cit., s. 6ff.). I Aslak Bolts oppføringar frå *Raums dal* og *Sun møre* finst det ingen slike namn.

Her kan det òg leggast til at Jørn Sandnes (1995) overtlydande argumenterer for at den vestlegaste av dei fire mellomalderlege skipreidene i den ytre halva av Orkdølafylket har hatt namnet *Langaskipreida*. Dette gjer han med grunnlag i nylesing av ei udatert påteikning frå 1300-talet på diplom DN III: 4 frå 1253, utferd i Nidaros. Bruken av nemninga *skipreida* her samsvarar altså fullt ut med det vi elles finn i diplommaterialet frå 1300- og tidleg 1400-tal. Det er altså ikkje spor i desse kjeldene av at nemninga *skipsýsla* med eit anna innhald enn *skipreida* har vore i bruk i Trøndelag på 1300- og 1400-talet.

Interessant i vår samanheng er då oppføringane frå *Naumo dal* og *Haloga land* i Aslak Bolts jordebok. Her finst ingen ‘skipreider’, men i lista for *Naumo dal* finn vi derimot *J Niærdhøyiar syslo* (op. cit., s. 138) og *J Alastarhaugx syslo* (s. 143). I lista for *Haloga land* finst sameleis *J Bodiniar syslo* (s. 150), *J Steigar syslo* (s. 155), *J Lofota syslo* (s. 158) og *J Ylfue syslo* (s. 165). Vi ser såleis at den administrativt territoriale nemninga *syslo* har vore i bruk frå *Naumdælafylki* og nordover i samsvar med det Munch (1849: 8) skisserer. Nøyaktig kva tid denne nemningsbruken feste seg i språket, har vi ikkje kjeldemateriale til å seia noko bindande om. Men igjen ser vi eit mogleg samband med nemninga *skipsýsla* i F som godt kan

vera påverka av dette forholdet. Det er då moglegvis òg ein indikasjon på at *skipsýsla* i F språkhistorisk sett er eit relativt seint danna ord. Om vi jamfører dette med det vil elles har av kjeldemateriale, kan det då synast som om *skipsýsla* i F har vore spesielt og først og fremst, eller jamvel utelukkande, brukt i lovboka. I språkhistorisk samanheng er det såleis venteleg rettast å sjå nemninga *skipsýsla* som uttrykk for juridisk fagspråk snarare enn som allmenn dialektal variasjon med nemninga *skippreiða*. Og når ordet *skipsýsla* i *Trøndersk språkhistorie* er oppfatta og framstilt som ein ordgeografisk variant avgrensa til «Frostatingslagen» (Hagland 2008: 351), burde det kanskje heller avgrensast til 1200-talets handskriftsmateriale med *Frostatingslova* – og altså ein fagspråksvariant snarare enn eit ordgeografisk fenomen.

Litteratur

- Bull, Edvard. 1920: *Leding: militær- og finansforvaltning i Norge i ældre tid*. Kristiania og København.
- DN = Diplomatarium Norvegicum I–XXIII. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–.
- Eithun, Bjørn, Magnus Rindal, Tor Ulset. 1994: *Den eldre Gulatingslova* = Norrøne tekster nr. 6. Oslo.
- Fritzner, Johan. 1883–1896: *Ordbog over Det gamle norske Sprog* I–III. Kristiania. IV. Tilleggsband ved Finn Hødnebo 1972. Oslo.
- Hagland, Jan Ragnar. 2008: Tida frå reformasjonen og bakover. I: Dalen, Arnold et al. *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*. Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab Skrifter 2008, nr. 3. Trondheim, s.253–317. Ordtilfang, s. 349–355.
- Hagland, Jan Ragnar og Jørn Sandnes (oms.) 1994: *Frostatingslova*. Oslo.
- Jørgensen, Jon Gunnar (utg.). 1997: *Aslak Bolts jordebok*. Oslo.
- KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* I–XXII. 1956–1978. Oslo–Stockholm–København.
- Munch, P. A. 1849: *Historisk-geografisk Beskrivelse over Kongeriget Norge (Noregsveldi) i Midelalderen*. Moss:.
- NgL = *Norges gamle Love indtil 1387* I–V. Christiania 1846–1895.
- Robberstad, Knut (oms.). 1969 [1937]: *Gulatingslovi*. Tredje utgåva. = Norrøne Bokverk nr. 33. Oslo.
- Sandnes, Jørn 1995: Langskipsreida. En skipreide og et skipreidenavn i middelalderens Uttrøndelag, med noen ord om studier av territoriell inndeling i eldre tid. *Historisk tidsskrift* 4/1995, 465–467.
- Seip, Didrik Arup 1955: *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. 2. utg. Oslo.


j Giardeyiar geíma. Eit hamnenamn í Halfs saga – med nogo attåt

Av Eldar Heide

*This article argues that the place j Giardeyiar geíma in Halfs saga ok Halfsrekka is the natural harbour Gjømma on the island of Gjerdøya in Nordland county, Northern Norway. The name is normalized / reconstructed as *Gjarðeyjar-Geymi, which seems to mean ‘the hide-out on Gjarðey’. *Geymi is understood as an agent noun derived from the verb geyma ‘to hide’. The harbour is located close to the main sea lane, separated from it by 50 m high cliffs, thus morphologically very similar to natural harbours bearing the name (Old Norse) Folgsn, meaning ‘hide-out’. This interpretation implies that Halfs saga contains the first attestation of the name Gjerdøya. It is also noted that Geirr in the harbour name Geirsver on the coast of Finnmark is not necessarily the man’s name, but could be an alternative form of geirfugl ‘great auk’, which is attested only once in Old Norse. Geirsver is located close to the cliffs that today hold Norway’s largest sea-bird colonies, Stappan or Gjesværstappan, where we should expect that the great auk survived for a long time.*

Den islandske fornaldarsoga *Halfs saga ok Halfsrekka* ‘soga om Halv og kjempe hans’ fortel m.a. om ei ferd som kong Hjørleiv gjer frå Rogaland med eit skip nordetter langs kysten til Dvina i Bjarmeland (ved Kvitsjøen). Der plyndrar ein tredjepart av mannskapet ein gravhaug medan éin held dei innfødde unna og den siste tredjeparten vaktar skipet – påstår saga. Frå heimferda er dette det fyrste som blir fortalt:

Á sunnanverðri Finnmörk, *j Giardeyiar geíma*, lá Hjørleifr konungr um nótt, ok hofðu sveinar eld á landi, ok fóru tveir menn at sókja vatn til lókjar er fell af bjargi fram (kapittel 5, Seelow 1981: 172, normalisert her, bortsett frá det kursiverte).



Figur 1. Gjerdøya med øyane ikring. Naturhamna Gjømma ringa inn. Alle nesa til høgre er fastlandet. Frå norgeskart.no

‘Sør på Finnmarka, *j Giardeyar geima*, låg kong Hjørleiv ei natt, og mennene hadde bål på land, og to karar fór for å hente vatn i ein bekk som fall frå eit berg.’ Desse karane støyter på ein overnaturlig skapning som blir kalla både *brunnmigi* ‘brunnpissar’, *þræll* ‘træl’, *þurs* ‘tuss’ og *troll* og som ser ut til å bu i berget og til slutt blir drepen av kongen. Denne episoden blir drøfta i Lesley utkast 2011, medan heile denne Bjarmelandsferda er ein viktig del av bakgrunnen for Bergsveinn Birgissons dokumentarbok *Den svarte vikingen* (2013) om Geirmund Heljarskinn, som blir fødd mot slutten av saga.

Her skal det handle om namnet på staden dei ligg den natta. Så vidt eg veit har ingen drøfta kor dette er, sidan *Halfs saga* er blant sogene som er lite omsette og

